

Møteinnkalling

Utval:	Fylkeseldrerådet i Hordaland
Møtestad:	Fylkesutvalsalen, 3. etasje, Fylkeshuset
Dato:	08.11.2018
Tid:	09.30

Program

- Kl. 09:30 Opning av møtet.
- Kl. 09:35 Sakshandsaming
- Kl. 11:00 Pause
- Kl. 11:10 Sakshandsaming
- Kl. 12:30 Lunsj
- Kl. 13:00 Orientering ved Arne Åsan, Fylkestannlege i Hordaland fylke.
- Tannhelsetenesta i Hordaland fylkeskommune, herunder prosjekt på Stord og i Årstad bydel.
 - Fylkestannlegen og fylkestannhelsetenesta i ny region.
- Kl. 13:30 – 15:00 Sakshandsaming

Til dette møte har Kåre Ystanes og Monrad Reigstad meldt forfall. Vara vert kalla inn.

Dersom nokon av utvalet sine medlemmer ikkje kan møta og må melda forfall, vert dei bedne om å gjere dette snarast ved å fylle ut skjemaet på www.hordaland.no/forfall.

Innkallinga gjeld valde medlemer i fylkeseldrerådet i Hordaland. Ved eventuelt forfall frå faste medlemer vil varamedlemer bli kalla inn særskilt.

Kåre Ystanes
leiar

Sakliste

Utvals- saknr	Innhald	Arkiv- saknr	U.Off.
PS 54/18	Godkjenning av møteinnkalling		
PS 55/18	Godkjenning av møteprotokoll forrige møte	2017/2682	
PS 56/18	Godkjenning av sakliste		
PS 57/18	Referatsak (meldingar)		
RS 40/18	Lokale båtruter Osterfjorden og Geitanger-Knappskog	2017/17742	
RS 41/18	Serviceinjene i Bergen	2018/14297	
RS 42/18	Konkurransetsetjing av Rutepakke Bergen sentrum og Bergen nord	2018/14417	
RS 43/18	Ad. oppnemning av representantar til brukarutvalet i Helse Fonna - til info	2017/2682	
RS 44/18	Referat frå møte i brukarutvalet ved Haraldsplass Diakonale Sykehus den 10.09.2018.	2017/2682	
PS 58/18	Ymse		
PS 59/18	Status for plan om likeverd og likestilling i Hordaland fylkeskommune	2017/2682	
PS 60/18	Eldrerådskonferansen 2018 - evaluering	2017/2682	
PS 61/18	Vestlandskonferansen 2019 - idear til program	2017/2682	
PS 62/18	Eldrerådskonferansen 2019 - konferansen for dei kommunale eldreråda - byrje planlegging av konferansen	2017/2682	
PS 63/18	Høring - etablering av nasjonalt Eldre-, pasient- og brukarombud	2017/2682	

PS 54/18 Godkjenning av møteinnkalling



Arkivnr: 2017/2682-153

Saksbehandlar: Merethe Helland Nordnæs

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Fylkeseldrerådet i Hordaland	55/18	08.11.2018

Godkjenning av møteprotokoll forrige møte

Forslag til vedtak

Møteprotokollen frå møte 27.09.2018 vart godkjent utan merknader.

Bertil Søfteland
Leiar fylkessekretariatet

Merethe Helland Nordnæs
jurist/rådgjevar

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Vedlegg: Møteprotokoll 27.09.2018

Utval: Fylkeseldrerådet i Hordaland
Møtestad: Fylkesutvalsalen, 3. etasje, Fylkeshuset
Dato: 27.09.2018
Tidspunkt: 09:30-14:10

Følgjande faste medlemmer møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Gunda Falao Sparre	Nestleiar	LOP
Odd Himle	Medlem	AN-H
Inger M. Lingjerde	Medlem	PF
Inger Sjong	Medlem	FL H/FRP/V/MDG
Monrad Reigstad	Medlem	PF
Synnøve Solbakken	Medlem	FL A/SP/SV til kl. 12:30

Følgjande medlemmer hadde meldt forfall:

Namn	Funksjon	Representerer
Kåre Ystanes	Leiar	PF

Følgjande varamedlemmer møtte:

Namn	Møtte for	Representerer
Gunvor Opedal	Kåre Ystanes	PF

Merknad:

Leiar i møtet den 27.09.2018:
Gunda Falao Sparre.

Frå administrasjonen møtte:

Namn	Stilling
Merethe Helland Nordnæs	Møtesekretær/rådgjevar

Sakliste

Utvals-saknr	Innhald	Arkiv-saknr	U.Off.
PS 42/18	Godkjenning av møteinnkalling		
PS 43/18	Godkjenning av møteprotokoll frå førre møte	2017/2682	
PS 44/18	Godkjenning av sakliste		
PS 45/18	Referatsak (meldingar)		
RS 34/18	Ad. søknad om ekstra midlar til å arrangere Vestlandskonferansen 2019	2017/2682	
RS 35/18	Politisk organisering i Vestland fylkeskommune, Fase II	2017/2682	
RS 36/18	Ad. PS sak 41/18 Endringar i programområde - investeringsprogram for fylkesvegnettet 2018	2017/2682	
RS 37/18	Ad. båtruter i Osterøy	2017/2682	
RS 38/18	Ad. PS sak 40/18 Nye ruter Skys Nordhordland	2017/2682	
RS 39/18	Referat frå møte i Brukarutvalget ved Haraldsplass Diakonale sykehus	2017/2682	
PS 46/18	Ymse		
PS 47/18	Budsjett for fylkeseldrerådet 2019	2017/2682	
PS 48/18	Forslag til agenda for Eldrerådskonferansen 2018	2017/2682	
PS 49/18	Oppnevning av representantar frå fylkeseldrerådet til brukarutvalet i Helse Fonna	2017/2682	
PS 50/18	Møteplan for fylkeseldrerådet for året 2019.	2017/2682	
PS 51/18	Oppnemning av representantar frå fylkeseldrerådet til brukarutvalet i Helse Bergen	2017/2682	
PS 52/18	Spørsmål førehandsstilt til fylkestannlegen til orienteringa i møte i fylkeseldrerådet den 08.12.2018	2017/2682	
PS 53/18	Lokale båtruter i Osterfjorden og Geitanger-Knappskog (veglause grender)	2017/2682	

PS 42/18 Godkjenning av møteinnkalling

Saksprotokoll i Fylkeseldrerådet i Hordaland - 27.09.2018

Fylkeseldrerådet slutta seg til at ny sak vart satt på sakskartet utan saksframlegg: PS 51/18 Oppnemning av representantar frå fylkeseldrerådet til brukarutvalet i Helse Bergen.

Fylkeseldrerådet slutta seg til at ny sak vart satt på sakskartet utan saksframlegg: PS 52/18 Spørsmål førehandsstilt til fylkestannlegen til orienteringa i møte i fylkeseldrerådet den 08.12.2018.

Fylkeseldrerådet slutta seg til a ny sak vart satt på sakskartet utan saksframlegg (RS 37/18 vert gjort om til politisk sak): PS 53/18 Lokale båtruter i Osterfjorden og Geitanger-Knappskog (veglause grender).

Vedtak

Møteinnkallinga vart godkjent med merknadene ovanfor.

PS 43/18 Godkjenning av møteprotokoll frå førre møte

Saksprotokoll i Fylkeseldrerådet i Hordaland - 27.09.2018

Inger Sjong FL H/FrP/V/MDG sette frem merknad på at protokollen frå førre møte vart sendt ut uten at den var godkjent av medlemmane i fylkeseldrerådet.

Vedtak

Møteprotokollen frå møte den 06.09.2018 vart godkjent med merknaden ovanfor.

PS 44/18 Godkjenning av sakliste

Saksprotokoll i Fylkeseldrerådet i Hordaland - 27.09.2018

Gunda Falao Sparre (LOP): rekkefølgen på handsaminga av dei politiske vert endra. PS sak 49/18 og PS 50/18 vert flytt fram.

Vedtak

Sakslista vart godkjent med merknaden ovanfor.

PS 45/18 Referatsak (meldingar)

Saksprotokoll i Fylkeseldrerådet i Hordaland - 27.09.2018

Referatsakene 34/18 til 36/18 og 38/18 - 39/18 vart refererte.

PS 46/18 Ymse

Saksprotokoll i Fylkeseldrerådet i Hordaland - 27.09.2018

Orientering:

Budsjett for Hordaland fylkeskommune (HFK) 2019:

- Hvor langt er prosessen kome ?
- Budsjett for fylkeseldrerådet.

Ved direktør for økonomi og organisasjon Nils Egil Vetlesand.

Inger Sjong FL H/FrP/V/MDG refererte frå møte om Seniorplanen i Bergen kommune den 17.09.2018 og om møte den 18.09.2018 om høyring om sjukeheimssituasjonen i Bergen kommune.

Gunda Falao Sparre orienterte om kontakt med eldrerådet i Sogn og Fjordane med tanke på regionreforma og eldreråda. Det vert planlagt å ha to treff, kvart på to dager.

PS 47/18 Budsjett for fylkeseldrerådet 2019

Forslag til vedtak

Fylkeseldrerådet vil gje innspel til budsjettet for Hordaland fylkeskommune, herunder budsjett for eldrerådet i Hordaland.

Saksprotokoll i Fylkeseldrerådet i Hordaland - 27.09.2018

Gunda Falao Sparre (LOP) sette fram slikt forslag:

«Budsjettsøknader for 2019:

- 1) Det vert søkt om kr. 435.000,- som driftsbudsjett.
- 2) Det vert søkt om ekstramidlar på kr. 70.000,- for samrådsmøter med Sogn og Fjordane i forbindelse med regionreforma.»

Røysting

Sparre sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

«Budsjettsøknader for 2019:

- 3) Det vert søkt om kr. 435.000,- som driftsbudsjett.
- 4) Det vert søkt om ekstramidlar på kr. 70.000,- for samrådsmøter med Sogn og Fjordane i forbindelse med regionreforma.»

PS 48/18 Forslag til agenda for Eldrerådskonferansen 2018

Forslag til vedtak

Fylkeseldrerådet vedtek forslag til program for Eldrerådskonferansen 2018 som framlagt.

Saksprotokoll i Fylkeseldrerådet i Hordaland - 27.09.2018

Gunvor Riim Opedal (PF) sette fram slikt forslag:

«Til tema kl. 15:45 (Tema for gruppearbeid):

Erfaringsutveksling – eldre og ernæring: Korleis ønskjer vi det skal vere i vårt fylke?

Gunda Falao Sparre (LOP) sette fram følgjande forslag til spørsmål til politikarane i paneldebatten den 07.10.2018:

1. Har ditt parti en strategi for å sikre at personer over 60 år kommer på valglisten på en plass som kan gi muligheter for å bli representant?

Hvis nei: Hvorfor ikke?

Hvis ja: Hvorledes har strategien virket?

2. Mener dere representasjon/ manglende representasjon fra ulike grupper som kvinner/menn, ung/eldre etc har noe å si for den politikken som blir ført?

Hvis ja: På hvilken måte?

Hvis nei: Hvorfor ikke?

3. I dagens Fylkesting i Hordaland utgjør aldersgruppen over 60 år 29,8 % av det totale antall representanter (17 av 57). Aldersgruppen over 65 år utgjør 7% av totalt antall representanter (4 av 57).

Hva mener dere grunnen er til at det er så stort frafall etter 65 år?

3 b: Hvilket råd vil dere gi til elderrådene for å få til at det nomineres flere personer over 65 år på sikker plass eller sikker varaplass?

4. Hvilket råd vil dere gi til en vanlig velger som ønsker å få flere over 65 år inn i kommunestyret og fylkestinget?

5. Om 2 år er det Stortingsvalg. I dagens storting er det 10 av 165 representanter som er over 60 år. Gjennomsnittsalderen var i 2013 46,4 år, og har sunket i de siste periodene.

Hva vil ditt parti gjøre for å få flere over 60 år på Stortinget ved Stortingsvalget i 2021?

6. I dag går det frem av valglistene hvilken bydel/ region kandidaten tilhører. Alderen er ikke oppgitt. Bør også alderen på kandidatene stå på stemmeseddelen?

Begrunn svaret.

7. I arbeidsmiljøloven er øvre aldersgrense hevet fra 70 til 72 år. Bør det være en øvre aldersgrense også for politikere?

Odd Himle (SN-H) sette fram følgende forslag til spørsmål til politikarane i paneldebatten den 07.10.2018:

4) Stortinget 2017 - 2021 har 15 representantar over 60 år, men ingen over 70 år. En 70 åring har meir kunnskap og erfaring enn ein 40 – 50 åring og kan, truleg, gjera ein betre jobb enn mange yngre. Iflg.. media ser det ut som pensjonistane utgjør ca. 30 % av stemmene i landet, og ei så stor gruppe burde hatt "sine representantar" på stortinget. Dersom pensjonistane hadde slått seg saman, til eit samlande "Ressursparti", så kunne de i stortingsperioden 2013 - 2017 hatt 41 representantar på stortinget i den perioden.

4.1 Kvifor prioriterar ikkje dei politiske partia folk over 70 år som kandidatar ved val?

4.2 Denne gruppa er kunnskapsrike kandidatar som utgjør ca. 30 % av stemmene i landet. Har partia tenkt å gjera noko med saka til kommune- og fylkesvalet i

2019 og

neste stortingsvalet?

Røysting

Opedal sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Sparre sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Himle sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

«Til tema kl. 15:45 (Tema for gruppearbeid):

Erfaringsutveksling – eldre og ernæring: Korleis ønskjer vi det skal vere i vårt fylke?

Spørsmål til politikarane paneldebatten:

1. Har ditt parti en strategi for å sikre at personer over 60 år kommer på valglisten på en plass som kan gi muligheter for å bli representant?

Hvis nei: Hvorfor ikke?

Hvis ja: Hvorledes har strategien virket?

2. Mener dere representasjon/ manglende representasjon fra ulike grupper som kvinner/menn, ungedre etc har noe å si for den politikken som blir ført?

Hvis ja: På hvilken måte?

Hvis nei: Hvorfor ikke?

3. I dagens Fylkesting i Hordaland utgjør aldersgruppen over 60 år 29,8 % av det totale antall representanter (17 av 57). Aldersgruppen over 65 år utgjør 7% av totalt antall representanter (4 av 57).

Hva mener dere grunnen er til at det er så stort frafall etter 65 år?

3 b: Hvilket råd vil dere gi til eldrerådene for å få til at det nomineres flere personer over 65 år på sikker plass eller sikker varaplass?

4. Hvilket råd vil dere gi til en vanlig velger som ønsker å få flere over 65 år inn i kommunestyret og fylkestinget?

5. Om 2 år er det Stortingsvalg. I dagens storting er det 10 av 165 representanter som er over 60 år. Gjennomsnittsalderen var i 2013 46,4 år, og har sunket i de siste periodene.

Hva vil ditt parti gjøre for å få flere over 60 år på Stortinget ved Stortingsvalget i 2021?

6. I dag går det frem av valglistene hvilken bydel/ region kandidaten tilhører. Alderen er ikke oppgitt. Bør også alderen på kandidatene stå på stemmeseddelen?

Begrunn svaret.

7. I arbeidsmiljøloven er øvre aldersgrense hevet fra 70 til 72 år. Bør det være en øvre aldersgrense også for politikere?

8. Stortinget 2017 - 2021 har 15 representantar over 60 år, men ingen over 70 år. Enåring har meir kunnskap og erfaring enn ein 40 – 50 åring og kan, truleg, gjera ein betre jobb enn mange yngre. Iflg.. media ser det ut som pensjonistane utgjør ca. 30 % av stemmene i landet, og ei så stor gruppe burde hatt "sine representantar" på stortinget. Dersom pensjonistane hadde slått seg saman, til eit samlande "Ressursparti", så kunne de i stortingsperioden 2013 - 2017 hatt 41 representantar på stortinget i den perioden.

8.1 Kvifor prioriterar ikkje dei politiske partia folk over 70 år som kandidatar ved val?

8.2 Denne gruppa er kunnskapsrike kandidatar som utgjør ca. 30 % av stemmene i landet. Har partia tenkt å gjera noko med saka til kommune- og fylkesvalet i 2019 og neste stortingsvalet?

PS 49/18 Oppnevning av representantar frå fylkeseldrerådet til brukarutvalet i Helse Fonna

Forslag til vedtak

Frå fylkeseldrerådet vert vald:

1. Varamedlem:
2. Varamedlem:

Saksprotokoll i fylkeseldrerådet i Hordaland - 06.09.2018

Gunda F Sparre (LOP) sette fram slikt forslag:

«Saka vert utsatt til neste møte.»

Røysting (til utsetjing)

Sparre sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Saka vert utsett.

Saksprotokoll i Fylkeseldrerådet i Hordaland - 27.09.2018

Gunda Falao Sparre (LOP) sette fram slikt forslag:

«Synnøve Solbakken blir gjenoppnemnt som kandidat frå Fylkeseldrerådet som brukarrepresentant i Helse Fonna. (Rogaland har vara).»

Røysting

Sparre sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Synnøve Solbakken blir gjenoppnemnt som kandidat frå Fylkeseldrerådet som brukarrepresentant i Helse Fonna. (Rogaland har vara).

PS 50/18 Møteplan for fylkeseldrerådet for året 2019.

Forslag til vedtak

Fylkeseldrerådet vedtek forslag til møteplan for året 2019 for fylkeseldrerådet sine møter og arbeidsutvalsmøter, slik den ligg føre.

Saksprotokoll i fylkeseldrerådet i Hordaland - 06.09.2018

Gunda F Sparre (LOP) sette fram slikt forslag:

«Saka vert utsatt til neste møte.»

Røysting (til utsetjing)

Sparre sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Saka vert utsett.

Saksprotokoll i Fylkeseldrerådet i Hordaland - 27.09.2018

Gunda Falao Sparre (LOP) sette fram slikt forslag:

«Møtedato for fylkeseldrerådet for møte i juni månad 2019 vert endra frå den 23.06.2019 til onsdag den 19.06.2019.»

Røysting

Sparre sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Fylkeseldrerådet vedtek forslag til møteplan for året 2019 for fylkeseldrerådet sine møter og arbeidsutvalsmøter, med endring av møtedato for juni måned til den 19.06.2019.

PS 51/18 Oppnemning av representantar frå fylkeseldrerådet til brukarutvalet i Helse Bergen

Saksprotokoll i Fylkeseldrerådet i Hordaland - 27.09.2018

Gunda Falao Sparre (LOP) sette fram slikt forslag:

Medlem: Inger M. Lingjerde
Varamedlem: Monrad Reigstad

Røysting

Sparre sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Nye kandidatar til brukarutval for Helse Bergen:

Medlem: Inger M. Lingjerde
Varamedlem: Monrad Reigstad

PS 52/18 Spørsmål førehandsstilt til fylkestannlegen til orienteringa i møte i fylkeseldrerådet den 08.12.2018

Saksprotokoll i Fylkeseldrerådet i Hordaland - 27.09.2018

Gunda Falao Sparre (LOP) sette fram slikt forslag:

Dei føreslåtte 4 spørsmåla vert vedteke oversendt til fylkestannlegen.

Spørsmål førehandsstilt til fylkestannlegen til orienteringa i fylkeseldrerådet den 08.12.2018.

«1. Prosjektene på Stord og i Årstad bydel om å ha med tannlege/tannpleier på hjemmebesøkene fra hjemmetjenesten. Orientering og vurdering fra ham.

2. Har fylkestannlegen oversikt over hvor mange med rett til fri tannhelsetjeneste som benytter seg av retten i det lange løp?

3. Fylkestannlegen og fylkeshelsetjenesten i ny region. Synspunkter fra ham.»

Monrad Reigstad (PF) sette fram slikt forslag til spørsmål til fylkestannlegen:

«Vedrørende av gjennomføringen av den nye Tannhelseplanen: Hvordan fungerer den i distriktene som mistet tannklinikken? For eksempel: Nordhordland/Hardanger.»

Røysting

Sparre sitt forslag vart samrøystes vedteke.
Himle sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Dei føreslåtte 4 spørsmåla vert vedteke oversendt til fylkestannlegen.

1. Prosjektene på Stord og i Årstad bydel om å ha med tannlege/tannpleier på hjemmebesøkene fra hjemmetjenesten. Orientering og vurdering fra ham.
2. Har fylkestannlegen oversikt over hvor mange med rett til fri tannhelsetjeneste som benytter seg av retten i det lange løp?
3. Fylkestannlegen og fylkeshelsetjenesten i ny region. Synspunkter fra ham.
4. Vedrørende av gjennomføringen av den nye Tannhelseplanen: Hvordan fungerer den i distriktene som mistet tannklinikken? For eksempel: Nordhordland/Hardanger.

PS 53/18 Lokale båtruter i Osterfjorden og Geitanger-Knappskog (veglause grender)

Saksprotokoll i Fylkeseldrerådet i Hordaland - 27.09.2018

Odd Himle (SN-H) sette fram følgjande forslag:

«Fylkeseldrerådet er kjend med at Fylkesutvalet 21.06.18 handsama saka med følgjande vedtak: "Fylkesutvalet tek saka om lokale båtruter i Osterfjorden og Geitanger-Knappskog til orientering. Fylkesmannen vil koma attende med ny sak med anbefalte løysingar.

Gjennom media er Fylkeseldrerådet blitt gjort merksam på at saka skal handsamast på ny i oktober 2018. Fylkeseldrerådet har, tidlegare, fått opplyst at fleire eldre, kanskje så mange som 9 personar, må flytta frå heimane sine dersom båtruta blir lagt ned. Fylkeseldrerådet ber om at fylkeskommunen finn ei tilfredsstillande løysing slik at båtruta held fram, og at folk som er busett i desse grendene, også i framtida, kan bu i heimane sine.»

Gunda Falao Sparre (LOP) sette fram slikt tilleggsforslag:

«Fylkeseldrerådet ber om å bli orientert om utviklinga i saka, og få tilsendt ny sak om løysingar når saka ligg føre».

Røysting

Himle sitt forslag med Falao sitt tilleggsforslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Fylkeseldrerådet er kjend med at Fylkesutvalet 21.06.18 handsama saka med følgjande vedtak: "Fylkesutvalet tek saka om lokale båtruter i Osterfjorden og Geitanger-Knappskog til orientering. Fylkesmannen vil koma attende med ny sak med anbefalte løysingar.

Gjennom media er Fylkeseldrerådet blitt gjort merksam på at saka skal handsamast på ny i oktober 2018. Fylkeseldrerådet har, tidlegare, fått opplyst at fleire eldre, kanskje så mange som 9 personar, må flytta frå heimane sine dersom båtruta blir lagt ned. Fylkeseldrerådet ber om at fylkeskommunen finn ei tilfredsstillande løysing slik at båtruta held fram, og at folk som er busett i desse grendene, også i framtida, kan bu i heimane sine.»

Fylkeseldrerådet ber om å bli orientert om utviklinga i saka, og få tilsendt ny sak om løysingar når saka ligg føre.

PS 56/18 Godkjenning av sakliste

PS 57/18 Referatsak (meldingar)

Arkivnr: 2017/17742-15
Saksbehandlar: Vigdis Robak Bjørgo

Saksframlegg**Saksgang**

Utval	Saknr.	Møtedato
Utval for miljø og samferdsel	108/18	17.10.2018
Fylkesutvalet	253/18	25.10.2018
Fylkeseldrerådet i Hordaland	40/18	08.11.2018

Lokale båtruter i Osterfjorden og Geitanger-Knappskog – vidare drift**Samandrag**

Fylkesrådmannen la i juni fram ei orientering om vurderingar kring framtidig drift av båtsambanda Osterfjordruta og Geitanger-Knappskog (FUV PS-193/2018). Bakgrunn er fylkestinget sitt vedtak i samband med budsjettprosessen for 2018, der fylkesrådmannen vart beden om å avklare om det er eit fylkeskommunalt ansvar å drive båttilbodet, eller om det kan løysast i eit eventuelt spleiselag mellom fylkeskommunen og kommunane. Fylkestinget la til grunn «at desse lokalsamfunna også i framtida må sikrast eit tenleg transporttilbod».

I saka i juni vart det gjort greie for fylkeskommunen sitt ansvar for drift av denne type mindre båtruter og status kring dagens tilbod, passasjergrunnlag, økonomi og avtalar. Det vart og vist til dialog med kommunane. Tilbakemelding frå kommunane var at dei trengte meir tid til naudsynte lokale prosessar, og det var avtala nye møter etter sommaren.

Det er gjennomført eit møte for kvart av sambanda med dei involverte kommunane. Referat frå møta ligg ved saka. Eiga sak om vidare drift av båtrutene er handsama politisk i alle kommunane (sjå vedlegg). Tilbakemeldinga frå kommunane er at tilbodet bør oppretthaldast og at fylkeskommunen bør stå for inngåing av nye avtalar. Kommunane kring Osterfjordruta har i møte med Skyss opna for mogleg medverking til finansiering av ruta. Det er ikkje gjort politiske vedtak eller gitt andre formelle tilbakemeldingar i etterkant av dette møtet. Fjell kommunane har fatta politisk vedtak om at dei ønskjer eit samarbeid mellom fylkeskommunen og kommunen om rutetilbod og finansiering, og legg til grunn ei 50/50 kostnadsdeling.

Fylkesrådmannen rår til at det vert satt i verk førebuande tiltak for kjøp av transporttenester for desse to mindre båtrutene. Føresetnaden er at tilbodet kan driftast innanfor dagens kostnadsrammer, og at kommunane forpliktar seg til å finansiere halvparten av kostnadane. Dersom det etter konkurransen viser seg at kostnadane vert høgare enn dagens kostnadsnivå, blir konkurransen avlyst.

Det er behov for nærare undersøking og vurderingar av kai- og landforhold for av- og ombordstiging. Ein forventar at kommunane bidreg med naudsynt informasjon om dette.

Økonomi: Saka omhandlar framtidige finansieringsbehov for drift av mindre båtruter.

Klima: Tiltaket vil ikkje endre på klimautslepp knytt til desse rutene.

Folkehelse: Tiltaket vil ikkje ha direkte påverknad på innbyggjarane si folkehelse.

Regional planstrategi: Saka har tilknytning til Regional Transportplan og Kollektivstrategi for Hordaland

Forslag til innstilling

Fylkeskommunen vil førebu kjøp av transporttenester for båtrutene Osterfjord og Geitanger-Knappskog. Føresetnaden er at tilbudet kan driftast innanfor dagens kostnadsrammer, og at dei involverte kommunane medverkar til finansiering med ei 50/50 kostnadsdeling. Dersom det etter konkurransen viser seg at kostnadane vert høgare enn dagens kostnadsnivå, blir konkurransen avlyst.

Ingrid Holm Svendsen
kst. fylkesrådmann

Håkon Rasmussen
fylkesdirektør samferdsel

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Vedlegg 1: Referat frå møte 27.08.2018, med Vaksdal, Lindås og Osterøy kommune

Vedlegg 2: Referat frå møte 20.08.2018, med Fjell kommune

Vedlegg 3: Vedtak Vaksdal kommune – om båtruta Osterfjorden

Vedlegg 4: Vedtak Lindås kommune – om båtruta Osterfjorden

Vedlegg 5: Vedtak Osterøy kommune – om båtruta Osterfjorden

Vedlegg 6: Vedtak Fjell kommune om båtruta Geitanger-Knappskog

Fylkesrådmannen, 01.10.2018

Bakgrunn

Fylkesrådmannen la i juni fram ei sak til orientering om vurderingar kring framtidig drift av båtsambanda Osterfjordruta og Geitanger-Knappskog (FUV PS-193/2018). Bakgrunnen er fylkestinget sitt vedtak i samband med budsjettprosessen, der fylkesrådmannen vart beden om å avklare om det er eit fylkeskommunalt ansvar å drive båttilbodet, eller om det kan løysast i eit eventuelt spleiselag mellom fylkeskommunen og kommunane. Fylkestinget la til grunn «at desse lokalsamfunna også i framtida må sikrast eit tenleg transporttilbod».

I orienteringssaka i juni vart det gjort greie for fylkeskommunen sitt ansvar for drift av denne type mindre båtruter og status kring dagens tilbod, passasjergrunnlag, økonomi og avtalar. Det vart og vist til dialogmøter med kommunane. Kommunane ga uttrykk for behov for meir tid til naudsynte lokale prosessar, og det vart avtala nye møter etter sommaren.

I denne saka legg ein fram tilbakemeldingane frå kommunane, gitt i dialogmøter og frå kommunane sine lokale prosessar, samt fylkesrådmannen sin tilråding kring vidare drift av dei to lokalbåtrutene.

Tilbakemeldingar frå kommunane

Geitanger-Knappskog

Etter sommaren er det gjennomført eitt møte mellom Skyss og kommunen (sjå referat vedlagt), der ein drøfta moglege løysingar for framleis drift av båtruta. Kommunen var representert ved administrasjonen.

Fjell kommune har i etterkant gjort politisk vedtak om at «Fjell kommune ønskjer eit samarbeid mellom fylkeskommunen og kommune om rutetilbod og finansiering. Ein legg til grunn at kostnadene ved å drifte dette rutetilbodet vert delt 50/50. Spleiselaget vert gjeldande frå januar 2019.»

Osterfjordruta

Sak om vidare drift av ruta vart før sommaren handsama politisk i alle dei tre kommunane (sjå vedlegg). I vedtaka i både Vaksdal og Osterøy kommune heiter det at kommunen «understrekar at det er Hordaland fylkeskommune sitt ansvar å drive kollektivtrafikk. Dette gjeld også kollektivtrafikk for innbyggjarane i Indre Osterfjord» og at kommunen «krev at båtruta i Indre Osterfjord vert oppretthalden». I vedtaket i Lindås kommune heiter det også at kommunen «ser persontransport/kollektivtransport som eit fylkeskommunalt ansvar» og at «sidan Hordaland fylkeskommune har stor kompetanse på kjøp av transporttenester og sidan denne ruta omfattar fleire kommunar, meiner Lindås kommune at fylkeskommune må gå inn som transportkjøpar». I tillegg er det eit vedtakspunkt om at «Lindås kommune vil bidra til at båtruta i indre Osterfjorden vert oppretthalden» og at «dei aktuelle kommunane og Hordaland fylkeskommune må i fellesskap avklara behov, frekvens og kostnadsdeling».

Det er gjennomført eit felles møte mellom Skyss og kommunane etter sommaren (sjå referat vedlagt). Frå kommunane deltok politisk leiing. I forkant av møtet, hadde kommunane gjennomført eit folkemøte for brukarane av ruta. Referatet frå folkemøtet, samt underskriftskampanje og brev frå innbyggjarane til kommunen som kommunen sendt til Skyss som underlag til saka. Tilbakemeldinga til Skyss var at det er uaktuelt for kommunane å leggje ned ruta. Viktigaste målgruppe er fastbuande, men også eigarar av nedlagde gardsbruk som treng skjøtsel og fritidsbuarar er avhengige av ruta i følgje kommunane. I møtet vart det gitt uttrykk for at ein ikkje var avvisande til å medverke til finansiering av ruta, innanfor ei gitt ramme.

Fylkesrådmannen si vurdering

Med bakgrunn i kommunane kring Osterfjorden sine signal og politisk vedtak i Fjell kommune meiner fylkesrådmannen at det er grunnlag for å oppretthalde drifta av dei to båtrutene. Føresetnaden for å gå til innkjøp av transporttenestene er at ein held seg innanfor dagens kostnadsrammer for dei to båtrutene og at kommunane dekkjer halvparten av kostnadane. Total kostnadsramme for Osterfjordruta er 1,3 mill. kr og for Geitanger-Knappskog 0,43 mill. kr.

Det er behov for nærare undersøking og vurderingar av kai- og landforhold for av- og ombordstiging. Ein forventar at kommunane bidreg med naudsynt informasjon om dette.

Det er usikkert i kva grad ein kan oppnå konkurranse for denne type mindre båtruter. Anbudsutsetting kan gi høgare kostnader, og dersom ein skal halde seg innanfor dagens økonomiske rammer vil tilbodet på rutene kunne bli redusert. Det vert ikkje lagt opp til å stille krav om miljøteknologi og alternativt drivstoff i anboda.

Dersom det etter konkurransen viser seg at kostnadane vert høgare enn dagens kostnadsnivå, blir konkurransen avlyst.



REFERAT FRÅ	Dialogmøte om båtruta i Osterfjorden				
MØTELEIAR	Målfrid Vik Sønstabø				
REFERENT	Vigdis Bjørgo				
MØTEDATO	27.08.2018	TID	13.30-15.00	MØTESTAD	Skyss
REF. DATO		ARKIVSAK	2017/17742-13	ARKIVNR	5
DELTAKARAR	Nina Bognøy, varaordfører Lindås kommune Eirik Haga, ordfører Vaksdal kommune Sigmund Simmenes, varaordfører Vaksdal kommune Jarle Skeidsvoll, ordfører Osterøy kommune Jostein Klette, planleggar Osterøy kommune Målfrid Vik Sønstabø, konst. direktør Skyss Vigdis Bjørgo, seniorrådgjevar Skyss				
FRÅVÆR					
KOPI TIL					

Dialogmøte om Osterfjordruta 27.08.2018

Agenda:

- Tilbakemelding om lokale drøftingar og eventuelle avklaringar
- Drøfte moglege løysingar
- Vidare prosess

Tilbakemelding frå kommunen

Kommunane viste mellom anna til folkemøte om saka, og melde tilbake følgjande:

- Det er uaktuelt for kommunane å leggje ned båtruta
- Dagens tilbod er eit minimumstilbod
- Fylkeskommunen bør stå for anbudsutsetjinga
- Fastbuande er viktigaste å ivareta – må vere trygge på å komme seg fram heile året
- Langs ruta er det fleire nedlagte gardsbruk som skal skjøttast og andre fritidsbuande som i dag brukar ruta
- Ruta har potensiale i høve reiselivet

Skyss fekk levert oversyn over eigedomar langs båtruta, fordelt på gardsbruk med og utan fastbuande, andre faste bustader og fritidsbustader.

Drøfting

Ut frå tilbakemeldingane frå kommunane vart det ein diskusjon om moglege løysingar med omsyn til økonomi og kontraktsforhold. Kommunane er ikkje avvisande til å inngå med medfinansiering, innanfor ei gitt ramme. Skyss vil gjere naudsynte avklaringar kring juridiske høve knytt til mellom anna kontraktslengde. Utgangspunktet er at inneverande avtale ikkje kan forlengast ut over inneverande år.

Kommunane synte til komande fylkessamanslåing og behovet for å harmonisere tilbodet og felles retningslinjer for denne type båttillbod. Skyss ga uttrykk for at dette er noko som ikkje vil vere på plass som grunnlag for dette aktuelle sambandet.

Vidare prosess

Skyss må sjå den politiske handsaminga av saka i samanheng med budsjettprosessen i fylkeskommunen. Fylkesrådmannen legg fram budsjettokument for 2019 den 25. oktober. Skyss og kommunen held kvarandre oppdatert om framdrift i respektive saksangar. Skrivefrist for politisk sak til MISA om båtruta er 3. oktober.



REFERAT FRÅ	Dialogmøte om båtruta Geitanger-Knappskog				
MØTELEIAR	Målfrid Vik Sønstabø				
REFERENT	Vigdis Bjørgo				
MØTEDATO	20.08.2018	TID	14.00-14.30	MØTESTAD	Skyss
REF. DATO		ARKIVSAK	2017/17742-12	ARKIVNR	5
DELTAKARAR	Bjørn Kristiansen, eigedomssjef Fjell kommune Therese Borgen, samferdselsleiar Fjell kommune Målfrid Vik Sønstabø, konst. direktør Skyss Gudrun Einbu, konst. leiar avdeling trafikktilbod Skyss Vigdis Bjørgo, seniorrådgjevar Skyss				
FRÅVÆR					
KOPI TIL					

Dialogmøte om båtruta Geitanger-Knappskog, 20.08.2018

Agenda:

- Tilbakemelding om lokale drøftingar og eventuelle avklaringar
- Drøfte moglege løysingar
- Vidare prosess

Tilbakemelding frå kommunen

Administrasjonen førebur ei politisk sak, med planlagt handsaming innan september månad. Det er gitt politisk signal om 50/50 deling av kostnadane som ei mogleg løysing. Vidare er det ønskje frå kommunen si side at fylkeskommunen står får anbudsutsetjinga.

Drøfting

Båtruta dekker tenestebehov ut over persontransport for dei fastbuande på Geitanger, der i blant kommunale tenester som renovasjon.

Skyss har som utgangspunkt at kommunen tar ansvar for eventuell anbudsutlysing. Informasjon frå andre kommunar om prosess og innhald kan innhentast, ref. presentasjon av Skyss i førre dialogmøte.

Vidare prosess

Til saksførebuinga til kommunen sender Skyss utfyllande informasjon om økonomien knytt til dagens avtale.

Skyss må sjå den politiske handsaminga av saka i samanheng med budsjettprosessen i fylkeskommunen. Fylkesrådmannen legg fram budsjettdokument for 2019 den 25. oktober.

Skyss og kommunen held kvarandre oppdatert om framdrift i respektive saksgangar.



SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
49/2018	Formannskap/plan- og økonomiutvalet	PS	04.06.2018

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Trine Pettersen Grønbech		18/697

BÅTRUTA I INDRE OSTERFJORD

Vedlegg:

POL-sak Lokale båtruter i Osterfjorden og Geitanger-Knappskog

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Saka blir lagt fram for drøfting

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Historikk:

Ved handsaming av fylkesbudsjettet 2018 vedtok fylkestinget:

«Båtruter

Fylkestinget bed rådmannen våren 2018 leggja fram ei sak med ein heilskapleg gjennomgang av den lokale båtruta i Osterfjorden og ruta Geitanger-Knappskog. Fylkestinget bed rådmannen avklare om det er eit fylkeskommunalt ansvar å drive båttilbodet, eller om det kan løysast i eit evt spleiselag mellom fylkeskommunen og dei relevante kommunane. Fylkestinget legg til grunn at desse lokalsamfunna også i framtida må sikrast eit tenleg transporttilbod.»

Ordførarane i kommunane Lindås, Osterøy og Vaksdal sendte 04.04.2018 brev til fylkesrådmannen der dei stilte følgjande spørsmål:

«Kva overordna ansvar har fylkeskommunen for å sikra og finansiera eit samla transporttilbod til innbyggjarane mellom våre tre kommunar?

Kva administrative vurderingar har fylkesrådmannen gjort med omsyn til at ei nedlegging av transporttilbodet i praksis kan føra til ei styrt avfolking av detteområdet i Osterfjorden /Veaffjorden og kva politiske vedtak, føringar eller signal ligg til grunn for desse?

Det er elles interessant å få ei betre forståing kva objektive kriterium som ligg til grunn for fylkeskommunen sine tilskot til ulike transporttilbod på sjø i Hordaland(ferjeruter unnateke).

Det er òg av interesse å vita kor lenge Hordaland fylkeskommune har gjeve tilskot til denne båtruta.»

Skyss inviterte på vegne av fylkesrådmannen kommunane til møte 16.04.2018 for å diskutere vegen vidare. I møtet vart ein samd om følgjande:

«Kommentarar og innspel:

Ordføreren i Osterøy framheva at distriktpolitiske omsyn bør vektleggast. Dersom ein kuttar båtruta så kutter ein grunnlaget for busetnad og at kulturlandskap vert halde i hevd langs fjorden. Prosessen kring kutting av rutetilbodet har ikkje vore god nok med omsyn til å førebu kommunane og moglegheiten til å finne alternative løysingar. Kommunane må ha tid til politisk handsaming og ønskjer reell dialog i forkant av fylkespolitisk sakshandsaming.

Vidare prosess:

Kommunane drøftar saka vidare i eigen kommune og i fellesskap, og kjem attende med ein tidsplan for vidare lokale prosessar.

Skyss førebur politisk sak til MISA 6. juni og fylkesutvalet i 26. juni. Saka vert lagt opp som ei løypemelding frå arbeidet og om vidare prosess og dialog med kommunane. Referat frå møter vert lagt ved saka.

Det vert lagt opp til dialog i utarbeidinga av politisk saksunderlag til MISA og fylkesutvalet i juni.»

Fakta grunnlag

Fylkeskommunen har lagt fram følgjande faktagrunnlag for drøftingane: (I møte 16.04.2018 og i saksutgreiinga til SIMO som kom kommunen i hende 25.05.2018, dagen for utsending til formannskapet)

Fylkeskommunale føringar:

Kollektivstrategien for Hordaland, vedtatt fylkestinget 2014:

«I områder der trafikkgrunnlaget er for lite til å forsvare eit ordinært rutetilbod, er det likevel eit samfunnsansvar å ivareta eit rimeleg nivå av mobilitet for befolkninga – utan bruk av bil. Spørsmålet er kva eit rimeleg nivå for tilbodet bør innebere. I tillegg til sjølve trafikkgrunnlaget vil økonomi, til dømes tilskottsandel, vere del av rammene for prioritering. Skyss har per i dag ikkje definert klare kriterier og måltal for nivå på grunntilbodet, men ser behovet for å utvikle forutsigbare føringar.»

Transportplan båt Hordaland, vedtatt fylkesutvalet november 2017:

«Marknadsgrunnlaget er utgangspunkt for utvikling av tilbodet, men og omsynet til faktiske reisebehov, reisealternativ og kostnader. Det er ikkje nedfelt minstestandard for kollektivtilbodet i fylket, og ulike faktorar vil inngå i vurderingane. Grensene for minimum trafikkgrunnlag og maksimum tilskottsandel vil ikkje vere absolutte. Det vil likevel vere naudsynt i nokre tilfelle å dra ei grense for kva som skal falle inn under oppdraget til Skyss når det gjeld kjøp av transporttenester.

Øyar og veglause stader i tilknytning til sjø, med svært få busette, vil ikkje automatisk utløyse eit båttilbod med fylkeskommunalt tilskott. Også kommunane kan ta ansvar for at grunnleggjande transportoppgåver vert utført, som levering av post og varer. Offentleg betalt transport bør i slike tilfelle samordnast med tanke på tilbod og finansiering.»

Fylkeskommunen sitt svar om fylkeskommunalt ansvar

«fylkeskommunen har ansvar for å utføre skuleskyss i samsvar med Opplæringslova:

- Gjeld berre når skuletransportbehovet faktisk er der – dei aktuelle skuledagane og tider knytt til skulestart- og slutt*
- Såkalla «forsytarskyss» kan vurderast – kompensasjon til føresatte for eigentransport av skuleelev*
- Eigentransport ved skulekjøring vert i utgangspunktet godtgjort med Helfos km-satser og*

med ein minstepris på 75,- pr. tur.

- *Ved båttransport er det inngått egne avtalar som gir høgare sats pr. tur. Avtalane vert inngått individuelt med kvar skyssutøvar. «*

Fylkeskommunale avtalar – tilhøvet til anbudsreglane

- Fylkeskommunen har hatt avtalar om båttransport langt tilbake i tid. Per i dag har ein ikkje klart å finne svar på nøyaktig kor lenge.
 - Dagens operatør har hatt avtale med fylkeskommunen sidan 1987. Inneverande avtale inngått i 2007 for ti år, og forlenga ut året 2018.
 - Dagens avtale kan ikkje forlengast ut over det som er gjort
 - Transporttenesta må konkurranseutsetjast
 - Med konkurranseutsetjing vil prisen forventast å stige noko
- Avtalar med andre om transport (informasjon frå operatør):
- Helse Bergen (pasientskyss)
 - Posten
 - Bir (Renovasjon)
 - Dyrlege betaler ekstrapris per tur.
 - Kommunen leiger båten ved eventuelle befaringar ol.
 -

Tilbod/befolkningsgrunnlag:

- 1 dagleg bestillingsrute mandag, onsdag, fredag, laurdag og søndag
- Korrespondanse buss Vikanes, Tyssebotn og Stamnes
- I tillegg bestillingsruter mellom 07.30-11.00 og 13.30-17.30
- 20 stopp på ruta
- Varetransport frå Tyssebotn til hushaldningar, samt frå Stamnes til fritidsbustader (informasjon frå operatør)
- I perioden 2014-2017 er det rapportert mellom 2 093 og 2 449 passasjerar
 - Talet for 2017 var 2 234 passasjerar
 - Snitt 186 passasjerar per månad
 - Sesongvariasjonar
 - Inneverande skuleår 1 vgs elev med rett på skuleskyss, og som nyttar ruta ved behov
 - 21 fastbuande fordelt på Lindås (3), Vaksdal (9) og Osterøy (9)
 - Ingen faste reisande
 - I følge operatør er det som regel reisande man-fre og søndag

Økonomi:

Avtalen mellom fylkeskommunen og operatør inneber ein årleg kostnad for fylkeskommunen på 1,3 mill. kr. I 2017 utgjorde det fylkeskommunale tilskottet kr 582 kr per passasjer med ruta. Billettinntektene tilkjem operatør. Rekneskapen for 2017 viser totale inntekter på nærare 1,8 mill. kr. Totale driftskostnader er oppgitt til 1,14 mill. kr, og eit årsresultat på ca. 614 000 kr. Årsresultatet for dei to føregåande åra viser omlag 430 000 kr og 480 000 kr.

Fylkeskommunen si saksutgreiing viser til følgjande moglege løysingar:

«Som nemnt over er det ikkje mogleg å forlengje dagens avtalar om drift av båtrotene. Eventuell vidare drift av båtrotene må anbudsutsetjast. Det er då to moglege løysingar – anten at kommunen står for transportkjøpet eller at fylkeskommunen gjer det. Ei eventuell anbudsutlysing bør gjerast

snarast råd dersom ein skal ha eit tilbod på plass frå neste år.

Dersom kommunen/-ane står som anbudsutsetjar vil det vere kommunen/-ane som definerer rutetilbodet og har ansvaret for finansieringa. Kommunen/-ane kan søkje fylkeskommunen om tilskott til medfinansiering av drifta.

Dersom fylkeskommunen tar ansvar for å anbudsutsetje kan fylkeskommunen inngå eit samarbeid med kommunen/-ane om å definere rutetilbodet og fordeling av finansieringsansvaret.

Ut frå informasjon frå andre fylkeskommunar og kollektivselskap ser ein fleire døme der kommunen står som kjøpar av transporttenester for mindre båtruter, og der fylkeskommunen løyver tilskott.

Under vert det vist til tre slike døme frå våre nabo fylker:

1. Tysvær kommune, Rogaland
 - Båtrute Borgøy: Betener totalt 13 fastbuande pluss fritidsbustader. Tysvær kommune overtok ansvar for drift og finansiering av tilbodet etter at behov for skuleskyss fall bort og fylkeskommunen difor trakk si finansieringa av ruta. Kommunen har sidan søkt fylkeskommunen om tilskott for drift av ruta. I 2016 vart det inngått tre-årig avtale om fylkeskommunalt tilskott på kr 300 000 per år.
2. Ørsta kommune, Møre og Romsdal
 - Båtrute i Hjørundfjorden: Betener fleire stopp langs fjorden, både fastbuande og fritidsreisande. Ørsta kommune har ansvar for drift og finansiering. Anbudsutlysing i 2017 gav årleg kontraktspris på 1,5 mill. kr. Dette er ei rein bestillingsrute, men i praksis nokre faste turar for arbeidspendlarar og skuleelevar. Fylkeskommunen løyvde i 2018 eit tilskott på 732 000 kr til ruta.
3. Selje kommune, Sogn og fjordane
 - Lokalbåtrute Selje: Kombinert turistrute og skulerute. Selje kommune kjøper transporttenester for båtruta. Totalkostnaden er omlag 800 000 kr per år. Fylkeskommunen løyver tilskott på kr 400 000.

I ei eventuell konkurranseutsetjing av dei to aktuelle båtrutene må omsyn til kaianlegg og forhold kring av- og påstiging, krav til fartøy og driftsopplegg spesifiserast nærare. Eventuelle krav til miljøvenlege løysingar må og avklarast. Dette er faktorar som vil ha påverknad på kontraktkostnadane.»

Vurdering

Det er fleire viktige problemstillingar som ikkje er avklart i denne prosessen.

Det har vore avholdt eitt møte, så ein kan ikkje seie at det har vore drøftingar om saka.

Kva for dialog kommunane og fylkeskommunen skal ha fram mot tilråding av endeleg avgjerd er hovudspørsmålet for drøftingssaka. Kommunane har spelt inn at det må vere reell og likeverdig dialog. Men kva kommunane konkret vil leggje i dette må drøftast mellom kommunane. Denne saka vil vonalege utdjupe Vaksdal kommune sitt syn.

Dialog om faktagrunnlaget:

Fylkeskommunen har sendt saksgrunnlaget til Samferdselsutvalet sitt møte i juni. Kommunane bør

ideelt sett ha høve til å korrigere og kommentere faktagrunnlaget som vert nytta i saka. Det gjeld til dømes befolkningsgrunnlag og bruksgrunnlag. Denne båt ruta gjeld andre transportbehov enn ved dei store kommunane, og transportkostnader pr passasjer kan ikkje vere eit reelt samanlikningsgrunnlag.

Økonomi:

Når det gjeld faktagrunnlaget som er presentert om økonomi så er det klart at drift av båt ruta må på offentleg anbod. Det leier til at det ikkje er råd å leggje vekt på dei økonomiske erfaringstala som fylkeskommunen har lagt til grunn til no.

Det er uansett på det rene at Vaksdal kommune vil ha ein krevjande økonomi i års som kjem. Det vert vist til økonomiplanen ikkje har ledige midlar til dette tiltaket. Det er heller ikkje ein del av kommunens lovpålagte oppgåver. Økonomien i prosjektet er elles så vidt uklar, ettersom tilbodet må ut på anbod, at det ikkje er råd å gjere noko forsvarleg vurdering av eit eventuelt kommunalt tilskott til eit eventuelt spleiselag enno.

Dialog om eventuelle samarbeidsløysingar:

I fylkeskommunen sine vedtak er det lagt til grunn at båt ruta kan driftast vidare eventuelt i eit samarbeid med kommunane. Korkje fylkeskommunen eller kommunen har isolert sett plikt til å etablere eit generelt transporttilbod. Fylkeskommunen har innhenta døme frå samarbeid, men kva for samanlikningsgrunnlag dette gir for våre lokale tilhøve er vanskeleg å seie.

Eit samarbeidskonsept mellom fylkeskommunen og kommunen har ikkje vore drøfta. Skal det vere mogeleg å vere i reell dialog om eit mogeleg samarbeidskonsept må ein forvente å saman utvikle kva for problemstillingar partane ynskjer å gå vidare med, og korleis desse skal utgreiast. I tillegg er det naturleg at respektive kommunestyre og fylkestinget tek avgjerd på same saksgrunnlag til same tid. Det framgår av dette at saka reiser viktige politiske problemstillingar som det er viktig å få fram.

Gjennomføring av forsvarleg anbodsprosess:

Ein anbodsprosess er ressurskrevjande på mange måter. Fylkeskommunen har hatt ansvaret for dette tilbodet over lang tid og sitter på erfaring og kompetanse for dette spesifikke tilbodet. For kommunane er det eit nytt tenestefelt som me som sagt ikkje har eit lovmessig ansvar for. Det er såleis å leggje til grunn at fylkeskommunen er nærmast til å handtere utlysing på anbod. Kommunane har heilt andre føresetnader for å kunne gjere dette og rådmannen vil frarå at kommunane skal vere ansvarleg for anbodsutlysing.

Konklusjon

Saka vert etter dette lagt fram for drøfting.



Skyss

Referanser:
Dykkar:
Vår: 18/1734 - 18/21270

Saksbehandlar:
Tove Mette Arnø Fyllingen
ftm@lindas.kommune.no

Dato:
28.06.2018

Lokalbåtruter Osterfjorden og Geitanger-Knappskog

Vedlagt følgjer saksutgreiing med vedtak.

Med helsing
Tove Mette Arnø Fyllingen
avdelingsleiar

Dokumentet er signert elektronisk.



Mottakarar:

HORDALAND FYLKESKOMMUNE
Skyss

Postboks 7900

5020

BERGEN

SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
071/18	Formannskapet	PS	14.06.2018
053/18	Kommunestyret	PS	21.06.2018

Saksbehandlar	ArkivsakID
Hogne Haugsdal	18/1734

Båtrute indre Osterfjord

Vedlegg :

Vedlegg_Politisk sak_Hordaland Fylkeskommune_båtruter

Rådmannen sitt framlegg til vedtak

- Saka blir lagt fram for politisk drøfting

Formannskapet - 071/18

FO - behandling:

Fellesframlegg:

1. Lindås kommune ser persontransport/kollektivtransport som eit fylkeskommunalt ansvar.
2. Lindås kommune vil bidra til at båtruta i indre Osterfjorden vert oppretthalden.

Sidan Hordaland fylkeskommune har stor kompetanse på kjøp av transporttenester og sidan denne ruta omfattar fleire kommunar, meiner Lindås kommune at fylkeskommunen må gå inn som transportkjøpar

Dei aktuelle kommunane og Hordaland fylkeskommune må i fellesskap avklara behov, frekvens og kostnadsdeling.

Framlegget vart samrøystes vedteke.

FO - innstilling:

1. Lindås kommune ser persontransport/kollektivtransport som eit fylkeskommunalt ansvar.
 2. Lindås kommune vil bidra til at båtruta i indre Osterfjorden vert oppretthalden.
- Sidan Hordaland fylkeskommune har stor kompetanse på kjøp av transporttenester og sidan denne ruta omfattar fleire kommunar, meiner Lindås kommune at fylkeskommunen må gå inn som transportkjøpar

Dei aktuelle kommunane og Hordaland fylkeskommune må i fellesskap avklara behov, frekvens og kostnadsdeling.

Kommunestyret - 053/18

KO - behandling:

Innstillinga frå formannskapet vart samrøystes vedteke.

KO - vedtak:

1. Lindås kommune ser persontransport/kollektivtransport som eit fylkeskommunalt ansvar.
 2. Lindås kommune vil bidra til at båtruta i indre Osterfjorden vert oppretthalden.
- Sidan Hordaland fylkeskommune har stor kompetanse på kjøp av transporttenester og sidan denne ruta omfattar fleire kommunar, meiner Lindås kommune at fylkeskommunen må gå inn som transportkjøpar

Dei aktuelle kommunane og Hordaland fylkeskommune må i fellesskap avklara behov, frekvens og kostnadsdeling.

Saksopplysningar:

Saka skal til innstilling i formannskapet
Saka skal avgjerast i kommunestyret

Bakgrunn

Ved handsaming av fylkesbudsjettet 2018 vedtok fylkestinget følgjande knytt til lokale båtruter:
«Fylkestinget bed rådmannen våren 2018 leggja fram ei sak med ein heilskapleg gjennomgang av den lokale båtruta i Osterfjorden og ruta Geitanger-Knappskog. Fylkestinget bed rådmannen avklare om det er eit fylkeskommunalt ansvar å drive båttilbodet, eller om det kan løysast i eit evt spleiselag mellom fylkeskommunen og dei relevante kommunane. Fylkestinget legg til grunn at desse lokalsamfunna også i framtida må sikrast eit tenleg transporttilbod.»

Ordførarane i kommunane Lindås, Osterøy og Vaksdal sendte 04.04.2018 brev til fylkesrådmannen der dei stilte følgjande spørsmål:

- «Kva overordna ansvar har fylkeskommunen for å sikra og finansiera eit samla transporttilbod til innbyggjarane mellom våre tre kommunar?
- Kva administrative vurderingar har fylkesrådmannen gjort med omsyn til at ei nedlegging av transporttilbodet i praksis kan føra til ei styrt avfolking av dette området i Osterfjorden /Veafjorden og kva politiske vedtak, føringar eller signal ligg til grunn for desse?
- Det er elles interessant å få ei betre forståing kva objektive kriterium som ligg til grunn for fylkeskommunen sine tilskot til ulike transporttilbod på sjø i Hordaland(ferjeruter unnateke).
- Det er òg av interesse å vita kor lenge Hordaland fylkeskommune har gjeve tilskot til denne båtruta.»

Skysst inviterte på vegne av fylkesrådmannen kommunane til møte 16.04.2018 for å diskutere vegen vidare. I møtet vart ein samd om følgjande:

Kommentarar og innspel:

- Ordføraren i Osterøy framheva at distriktspolitiske omsyn bør vektleggast. Dersom ein kuttar båtruta så kutter ein grunnlaget for busetnad og at kulturlandskap vert halde i hevd langs fjorden. Prosessen kring kutting av rutetilbodet har ikkje vore god nok med omsyn til å førebu kommunane og moglegheiten til å finne alternative løysingar. Kommunane må ha tid til politisk handsaming og ønskjer reell dialog i forkant av fylkespolitisk sakshandsaming.

Vidare prosess:

- Kommunane drøftar saka vidare i eigen kommune og i fellesskap, og kjem attende med ein tidsplan for vidare lokale prosessar. Skyss førebur politisk sak til MISA 6. juni og fylkesutvalet i 26. juni. Saka vert lagt opp som ei løypemelding frå arbeidet og om vidare prosess og dialog med kommunane. Referat frå møter vert lagt ved saka. Det vert lagt opp til dialog i utarbeidinga av politisk saksunderlag til MISA og fylkesutvalet i juni.»

Fakta grunnlag:

Fylkeskommunen har lagt fram følgjande fakta grunnlag for drøftingane. I møte 16.04.2018 og i saksutgreiinga til SIMO som kom kommunen i hende 25.05.2018.

Fylkeskommunale føringar:

Kollektivstrategien for Hordaland, vedtatt fylkestinget 2014:

- «I områder der trafikkgrunnlaget er for lite til å forsvare eit ordinært rutetilbod, er det likevel eit samfunnsansvar å ivareta eit rimeleg nivå av mobilitet for befolkninga – utan bruk av bil. Spørsmålet er kva eit rimeleg nivå for tilbodet bør innebære. I tillegg til sjølvve trafikkgrunnlaget vil økonomi, til dømes tilskottsandel, vere del av rammene for prioritering. Skyss har per i dag ikkje definert klare kriterier og måltal for nivå på grunntilbodet, men ser behovet for å utvikle forutsigbare føringar.»

Transportplan båt Hordaland, vedtatt fylkesutvalet november 2017:

- «Marknadsgrunnlaget er utgangspunkt for utvikling av tilbodet, men og omsynet til faktiske reisebehov, reisealternativ og kostnader. Det er ikkje nedfelt minstandard for kollektivtilbodet i fylket, og ulike faktorar vil inngå i vurderingane. Grensene for minimum trafikkgrunnlag og maksimum tilskottsandel vil ikkje vere absolutte. Det vil likevel vere naudsynt i nokre tilfelle å dra ei grense for kva som skal falle inn under oppdraget til Skyss når det gjeld kjøp av transporttenester.
- Øyar og veglause stader i tilknytning til sjø, med svært få busette, vil ikkje automatisk utløyse eit båttilbod med fylkeskommunalt tilskott. Også kommunane kan ta ansvar for at grunnleggjande transportoppgåver vert utført, som levering av post og varer. Offentleg betalt transport bør i slike tilfelle samordnast med tanke på tilbod og finansiering.»

Fylkeskommunen sitt svar om fylkeskommunalt ansvar

- «fylkeskommunen har ansvar for å utføre skuleskyss i samsvar med Opplæringslova:
 - Gjeld berre når skuletransportbehovet faktisk er der – dei aktuelle skuledagane og tider knytt til skulestart- og slutt
 - Såkalla «forsytarskyss» kan vurderast – kompensasjon til føresatte for eigentransport av skuleelev
 - Eigentransport ved skulekjøring vert i utgangspunktet godtgjort med Helfos km-

- satser og med ein minstepris på 75,- pr. tur.
- Ved båt-transport er det inngått egne avtalar som gir høgare sats pr. tur. Avtalane vert inngått individuelt med kvar skyssutøvar.

Dagens avtale - tilhøvet til anbudsreglane

- Fylkeskommunen har hatt avtalar om båttransport langt tilbake i tid. Per i dag har ein ikkje klart å finne svar på nøyaktig kor lenge.
- Dagens operatør har hatt avtale med fylkeskommunen sidan 1987. Inneverande avtale inngått i 2007 for ti år, og forlenga ut året 2018.
- Dagens avtale kan ikkje forlengast ut over det som er gjort
 - Transporttenesta må konkurranseutsetjast
 - Med konkurranseutsetjing vil prisen forventast å stige noko
- Avtalar med andre om transport (informasjon frå operatør):
 - Helse Bergen (pasientskyss)
 - Posten
 - Bir (Renovasjon)
 - Dyrlege betaler ekstrapris per tur.
 - Kommunen leiger båten ved eventuelle befaringar ol.

Tilbod/befolkningsgrunnlag:

- 1 dagleg bestillingsrute måndag, onsdag, fredag, laurdag og søndag
- Korrespondanse buss Vikanes, Tyssebotn og Stamnes
- I tillegg bestillingsruter mellom 07.30-11.00 og 13.30-17.30 · 20 stopp på ruta
- Varetransport frå Tyssebotn til hushaldningar, samt frå Stamnes til fritidsbustader (informasjon frå operatør)
- I perioden 2014-2017 er det rapportert mellom 2 093 og 2 449 passasjerar
- Talet for 2017 var 2 234 passasjerar
- Snitt 186 passasjerar per månad
- Sesongvariasjonar
- Inneverande skuleår 1 vgs elev med rett på skuleskyss, og som nyttar ruta ved behov
- 21 fastbuande fordelt på Lindås (3), Vaksdal (9) og Osterøy (9)
- Ingen faste reisande
- I følgje operatør er det som regel reisande man-fre og søndag

Økonomi:

Avtalen mellom fylkeskommunen og operatør inneber ein årleg kostnad for fylkeskommunen på 1,3 mill. kr. I 2017 utgjorde det fylkeskommunale tilskotet kr 582 kr per passasjer med ruta. Billettinntektene tilkjem operatør. Rekneskapen for 2017 viser totale inntekter på nærare 1,8 mill. kr. Totale driftskostnader er oppgitt til 1,14 mill. kr, og eit årsresultat på ca. 614 000 kr. Årsresultatet for dei to føregåande åra viser omlag 430 000 kr og 480 000 kr.

Fylkeskommunen si saksutgreiing viser til følgjande moglege løysingar:

- «Som nemnt over er det ikkje mogleg å forlenge dagens avtalar om drift av båtrotene. Eventuell vidare drift av båtrotene må anbudsutsetjast. Det er då to moglege løysingar –

anten at kommunen står for transportkjøpet eller at fylkeskommunen gjer det. Ei eventuell anbudsutlysing bør gjerast snarast råd dersom ein skal ha eit tilbod på plass frå neste år.

Dersom kommunen/-ane står som anbudsutsetjar vil det vere kommunen/-ane som definerer rutetilbodet og har ansvaret for finansieringa. Kommunen/-ane kan søkje fylkeskommunen om tilskott til medfinansiering av drifta. Dersom fylkeskommunen tar ansvar for å anbudsutsetje kan fylkeskommunen inngå eit samarbeid med kommunen/-ane om å definere rutetilbodet og fordeling av finansieringsansvaret. Ut frå informasjon frå andre fylkeskommunar og kollektivselskap ser ein fleire døme der kommunen står som kjøpar av transporttenester for mindre båtruter, og der fylkeskommunen løyver tilskott.

Under vert det vist til tre slike døme frå våre nabofylker:

1. Tysvær kommune, Rogaland · Båtrute Borgøy:
 - a. Betener totalt 13 fastbuande pluss fritidsbustader. Tysvær kommune overtok ansvar for drift og finansiering av tilbodet etter at behov for skuleskyss fall bort og fylkeskommunen difor trakk si finansiering av ruta. Kommunen har sidan søkt fylkeskommunen om tilskott for drift av ruta. I 2016 vart det inngått tre-årig avtale om fylkeskommunalt tilskott på kr 300 000 per år.
2. Ørsta kommune, Møre og Romsdal
 - b. Båtrute i Hjørundfjorden: Betener fleire stopp langs fjorden, både fastbuande og fritidsreisande. Ørsta kommune har ansvar for drift og finansiering. Anbudsutlysing i 2017 gav årleg kontraktspris på 1,5 mill. kr. Dette er ei rein bestillingsrute, men i praksis nokre faste turar for arbeidspendlarar og skuleelevar. Fylkeskommunen løyvde i 2018 eit tilskott på 732 000 kr til ruta.
3. Selje kommune, Sogn og fjordane
 - c. Lokalbåtrute Selje: Kombinert turistrute og skulerute. Selje kommune kjøper transporttenester for båtruta. Totalkostnaden er omlag 800 000 kr per år. Fylkeskommunen løyver tilskott på kr 400 000.

I ei eventuell konkurranseutsetjing av dei to aktuelle båtrutene må omsyn til kaianlegg og forhold kring av- og påstiging, krav til fartøy og driftsopplegg spesifiserast nærare. Eventuelle krav til miljøvenlege løysingar må og avklarast. Dette er faktorar som vil ha påverknad på kontraktkostnadane.

Vurdering

I vedtaket frå desember 2018 ber Fylkestinget om følgjande: *Fylkestinget bed rådmannen avklare om det er eit fylkeskommunalt ansvar å drive båttilbodet, eller om det kan løysast i eit evt spleiselag mellom fylkeskommunen og dei relevante kommunane. Fylkestinget legg til grunn at desse lokalsamfunna også i framtida må sikrast eit tenleg transporttilbod.»*

Det er avklart at det ikkje er eit fylkeskommunalt ansvar å drive båttilbodet. Fylkeskommunen har berre ansvar for utføre skuleskyss i samsvar med opplæringslova. I denne prosessen er det også bedt om at det skal vere dialog og drøfting mellom Fylkeskommunen og kommunane for å kunne sjå på alternative løysingar. Det har berre vore gjennomført eitt møte mellom Fylkeskommunen og kommunane, og det var i stor grad ein diskusjon om prosess, det var lite drøfting om mulige løysingar. Det er viktig at det vidare blir lagt opp til ein reell og likeverdig dialog. Kva for dialog kommunane og fylkeskommunen skal ha fram mot tilråding av endeleg avgjerd er hovudspørsmålet for denne drøftingssaka. Og resultatet av drøftinga blir eit viktig innspel i den vidare prosessen mellom kommunane og fylkeskommunen.

Slik rådmannen ser det, er følgjande moment viktig å drøfte vidare:

- **Dialog om faktagrunnlaget:**
Fylkeskommunen har sendt saksgrunnlaget til Samferdselsutvalet sitt møte i juni. Kommunane bør ideelt sett ha høve til å korrigere og kommentere faktagrunnlaget som vert nytta i saka. Det gjeld til dømes befolkningsgrunnlag og bruksgrunnlag.
- **Dialog om økonomi og samarbeidsløysingar:**
Drift av båtruta må ut på offentleg anbod. Det betyr at det er utfordrande å leggje vekt på dei økonomiske erfaringstala som fylkeskommunen har lagt til grunn fram til no. I fylkeskommunen sine vedtak er det lagt til grunn at båtruta kan driftast vidare eventuelt i eit samarbeid med kommunane. Korkje fylkeskommunen eller kommunen har isolert sett plikt til å etablere eit generelt transporttilbod. Fylkeskommunen har innhenta døme frå samarbeid, men kva for samanlikningsgrunnlag dette gir for våre lokale tilhøve er vanskeleg å seie. Eit samarbeidskonsept mellom fylkeskommunen og kommunen har ikkje vore drøfta. Skal det vere mogeleg å vere i reell dialog om eit mogeleg samarbeidskonsept må ein forvente å saman utvikle kva for problemstillingar partane ynskjer å gå vidare med, og korleis desse skal utgreiast. I tillegg er det naturleg at respektive kommunestyre og fylkestinget tek avgjerd på same saksgrunnlag til same tid. Det framgår av dette at saka reiser viktige politiske problemstillingar som det er viktig å få fram.
- **Gjennomføring av forsvarleg anbodsprosess:**
Ein anbodsprosess er ressurs- og tidkrevjande. Fylkeskommunen har hatt ansvaret for dette tilbodet over lang tid og sit på erfaring og kompetanse for dette spesifikke tilbodet. For kommunane er det eit nytt tenestefelt som me som sagt ikkje har eit lovmessig ansvar for. Det er såleis å leggje til grunn at fylkeskommunen er nærmast til å handtere utlysing på anbod. Kommunane har heilt andre føresetnader for å kunne gjere dette og rådmannen vil ikkje tilrå at kommunane skal vere ansvarleg for anbodsutlysing.

Konklusjon:

Rådmannen legg fram saka til politisk drøfting



Hordaland fylkeskommune
Fylkesrådmannen
Postboks 7900
5020 BERGEN

Referanser:
Dykkar:
Vår: 18/1360 - 18/13144

Saksbehandlar:
Jarle Skeidsvoll
jarle.skeidsvoll@osteroy.kommune.no

Dato:
25.06.2018

Båtruta i Indre Osterfjord - uttale frå Osterøy heradsstyre

Viser til tidlegare møte om saka samt til saksutgreiing og handsaming i Utval for miljø og transport og i fylkesutvalet.

Saka vart lagt fram for heradsstyret i møtet 20.06.18, og det vart då samrøystes vedteke å gje slik uttale i saka:

"Osterøy kommune understrekar at det er Hordaland fylkeskommune sitt ansvar å drive kollektivtrafikk. Dette gjeld også kollektivtrafikk for innbyggjarane i Indre Osterfjord. Osterøy kommune krev at båtruta i Indre Osterfjord vert oppretthalden."

De vert med dette gjort kjend med vedtaket.

Etter dette ser ein fram til vidare prosess med sikte på å finna ei tenleg løysing i saka.

Med helsing

Jarle Skeidsvoll
ordfører

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Kopi til:

Vaksdal kommune

Konsul Jebsens 5722
gate 16

DALEKVAM

Mottakar:

Hordaland fylkeskommune

Postboks 7900

5020

BERGEN



SAKSDOKUMENT

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
53/18	Komité for drift og forvaltning	18.09.2018

Båtrute Knappskog - Geitanger

Samandrag av saka:

Fylkestinget har bede fylkesrådmannen om å leggje fram ei sak med ein heilskapleg gjennomgang av den lokale båtruta Geitanger-Knappskog. Fylkestinget bad rådmannen avklare om det er eit fylkeskommunalt ansvar å drive båttilbodet, eller om det kan løysast i eit ev. spleiselag mellom fylkeskommunen og dei relevante kommunane. Fylkestinget legg til grunn at desse lokalsamfunna også i framtida må sikrast eit tenleg transporttilbod.

Fylkeskommunen har ansvar for å utføre skuleskyss i samsvar med Opplæringslova, det er ingen på Geitanger som fell inn under dette.

Skyss har tatt kontakt med Fjell kommune for å drøfte moglege løysingar og vidare prosess for samarbeid.

Innstilling:

Komité for drift og forvaltning vedtek:

Fjell kommune ønskjer eit samarbeid mellom fylkeskommunen og kommunen om rutetilbod og finansiering. Ein legg til grunn at kostnadene ved å drifte dette rutetilbodet vert delt 50/50.. Spleiselaget vert gjeldande frå januar 2019.

Straume, den 03.09.2018

Steinar Nesse
Rådmann

Bjørn Erik Kristiansen
Plan- og eigedomssjef

Handsama i Komité for drift og forvaltning - 18.09.2018:

Samferdselsleiar Therese Skårnes Borgen var til stades under behandlinga av saka og svarte på spørsmål frå komiteen.

Framlegg frå AP v/ Elisabeth Vethe om to nye punkt til innstillinga:

- Operatøransvaret vert lagt til fylkeskommunen.
- Anbodsinnhenting vert utført av fylkeskommunen.

Innstillinga, med desse to tilleggspunkta, vart deretter samrøystes vedteken.

Vedtak i Komité for drift og forvaltning - 18.09.2018:

Komité for drift og forvaltning vedtek:

Fjell kommune ønskjer eit samarbeid mellom fylkeskommunen og kommunen om rutetilbod og finansiering. Ein legg til grunn at kostnadene ved å drifte dette rutetilbodet vert delt 50/50. Spleiselaget vert gjeldande frå januar 2019.

- Operatøransvaret vert lagt til fylkeskommunen.
- Anbodsinnhenting vert utført av fylkeskommunen.

Dokument vedlagt saka:

Ingen

Saksopplysningar:

Fylkestinget gjorde følgjande vedtak i samband med budsjetthandsaminga i desember 2017:

Fylkestinget bed rådmannen våren 2018 leggja fram ei sak med ein heilskapleg gjennomgang av den lokale båtruta Osterfjorden og ruta Geitanger-Knappskog. Fylkestinget bed rådmannen avklare om det er eit fylkeskommunalt ansvar å drive båttilbodet, eller om det kan løysast i eit evt spleiselag mellom fylkeskommunen og dei relevante kommunane. Fylkestinget legg til grunn at desse lokalsamfunna også i framtida må sikrast eit tenleg transporttilbod.

Om båtruta Geitanger-Knappskog

Tilbod og passasjergrunnlag

Båtruta betener øya Geitanger og utgjer ei strekning på 1 km mellom Knappskog kai og Geitanger kai. Tilbodet er i hovudsak bestillingsruter kvar dag heile veka, samt 1-2 faste avgangar fredag-søndag avhengig om det er sommar- eller vinterrute.

Sommarrute (01.05-30.09.2017):

- 3 moglege bestillingsruter tur/retur, man-onsdag
- 2 moglege bestillingsruter tur/retur, torsdag
- 2 faste avgangar og 1 mogleg bestillingsrute tur/retur, fredag
- 1 fast avgang og 1 mogleg bestillingsrute tur/retur, laurdag og søndag.

Vinterrute (01.10.16-30.04.2018):

- 3 moglege bestillingsruter tur/retur, man-onsdag
- 2 moglege bestillingsruter tur/retur, torsdag
- 1 fast avgang og 1 mogleg bestillingsrute tur/retur, fredag
- 1 mogleg bestillingsrute tur/retur, laurdag og søndag

Det er i dag 5 fastbuande personar på Geitanger, samt fleire med fritidsbustader på øya. I følgje operatør er det 1-2 faste reisande med ruta. Fleire nyttar eigne båtar for å komme seg til og frå øya. Det vert ikkje utført skuleskyss.

Passasjertala viser mellom 78 og 289 passasjerar per måned i 2017. Også denne ruta har store sesongvariasjonar, med flest reisande i tilknytning til ferietid. Dei siste tre åra har reisetala totalt per år vore relativt stabile – mellom 2229 og 2062 passasjerar.

	2015	2016	2017
Januar	138	92	182
Februar	107	93	131
Mars	172	227	149
April	194	113	262
Mai	221	237	206
Juni	307	210	211
Juli	301	325	289
August	282	179	190
September	155	149	110
Oktober	143	153	165
November	101	119	78
Desember	108	144	89
Total	2229	2041	2062

Avtale og økonomi

Inneverande avtale med dagens løyveharar, Geitanger Transport AS, vart inngått i juni 2008 for 10 år. Avtalen er forlenga ut året, men det vil ikkje vere høve til å forlengje avtala ut over dette av omsyn til lov om offentlege anskaffingar.

Operatør har opplyst om eigne avtaler med FjellVar AS og Posten, samt bestillingar frå BKK, kommunen og andre.

Fylkeskommunen løyver eitt årleg tilskot på 430 000 kr. For 2017 utgjorde det fylkeskommunale tilskotet kr 209 per passasjer. Billettinntektene tilkjem operatør. Rekneskapet for 2017 viser totale driftskostnader på 538 000 kr og totale driftsinntekter på 492 000 kr. Årsresultatet var på minus 46 000 kr. Årsresultatet i 2016 var på ca 86 000 kr, omlag som i 2015.

Kollektivstrategi for Hordaland gir overordna føringar for prioritering av tilbodsutvikling og bruk av kollektivmidlane. Det er ikkje nedfelt ein minstestandard for kollektivtilbodet i fylket. Marknadsgrunnlag, reisebehov og økonomi må vurderast både særskilt for dei enkelte områda, men og i ein heilskap ut frå kor kollektivmidlane bør prioriterast. Det ligg ingen særskilde føringar for kollektivtransporten si rolle for til dømes å oppretthalde busetnad eller halde i hevd kulturlandskap langs fjord og kyst.

Fylkesrådmannen tek utgangspunkt i vedtekne strategiar og føringar i kollektivstrategien og Trafikkplan båt. Utan ei løysing med kommunane vil det etter fylkesrådmannen si vurdering ikkje vere grunnlag for å prioritere vidare drift av rutene i fylkeskommunal regi.

Tekst ovanfor er henta frå saksframlegget til utval for miljø og samferdsel samt fylkesutvalet, med arkivnr 2017/15772-6.

Hordaland fylkeskommune har teke kontakt med Fjell kommune for å få ein dialog om eit mogleg spleiselag for å oppretthalde båttilbodet Knappskog - Geitanger.

Fjell kommune har innhenta opplysningar om beredskap og ev. kommunale tenester til Geitanger.

- Øygarden brann og redning IKS har eigen båt i Øygarden, på stasjonen på Ågotnes og kan få bistand frå brannbåt i Bergen, så dagens båtrute er ikkje med i deira beredskapsplanar.
- FjellVar AS har eiga avtale med Geitanger Transport om frakt av renovasjon, og er i følgje FjellVar, uavhengig av Skyss si båtrute.
- Det har ikkje vore motteke tenester frå heimetenesta i Fjell dei siste 10 åra.

Vurdering:

Eit framtidig båttilbod må konkurranseutsettast og ei eventuell anbodsutlysing bør gjerast snarast råd dersom ein skal ha eit tilbod på plass frå neste år.

Dersom kommunen står som anbodsutsetjar vil det vere kommunen som definerer rutetilbodet og har ansvaret for finansieringa. Kommunen kan søkje fylkeskommunen om tilskot til medfinansiering av drifta.

Dersom fylkeskommunen tar ansvar for å anbodsutsetje kan fylkeskommunen inngå eit samarbeid med kommunen om å definere rutetilbodet og fordeling av finansieringsansvaret.

Då båtruta i dag baserar seg i hovudsak på persontransport, og det føreligg eigne avtaler mellom operatør og t.d. FjellVar om kommunale tenester, er det mest hensiktsmessig at fylkeskommunen har ansvar for å anbodsutsetje.

Fylkeskommunen har god erfaring med kva som skal inkluderast i ein slik anbodsutsetjing, medan det vil være ei utfordring for kommunen å finne ressursar til anbodsprosessen og ansvaret med ei framtidig båtrute.

I ei eventuell konkurranseutsetjing må omsyn til kaianlegg og forhold kring av- og påstigning, krav til fartøy og driftsopplegg spesifiserast nærare. Eventuelle krav til miljøvenlege løysingar må og avklarast. Dette er faktorar som vil ha påverknad på kontraktkostnadane.



Arkivnr: 2018/14297-1
Saksbehandlar: Stine Karoline Olsen

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Utval for miljø og samferdsel	111/18	17.10.2018
Fylkesutvalet	261/18	25.10.2018
Fylkeseldrerådet i Hordaland	41/18	08.11.2018

Serviceinjene i Bergen

Serviceinjene i Bergen består av fire busslinjer, der tilbodet og bussmateriellet er spesielt tilpassa eldre og rørslehemma, for at desse lettare kan nytte seg av til dømes helse- og servicefunksjonar i dei ulike bydelane. Linjene skil seg frå dei ordinære busslinjene ved å ha stor flatedekning i eit avgrensa område, spesielt tilrettelagt bussmateriell og avgangar midt på dagen. I 2017 hadde tilbodet med serviceinjene ein kostnad på 2,4 millionar kroner, og det er i snitt mellom 4-8 reisande per tur med desse linjene.

Kontrakten for dagens serviceinjener går ut 30.06.2020, med moglegheit for bruk av opsjon i to ekstra år. Før ein forpliktar fylkeskommunen i ein ny kontrakt er det ønskeleg å vurdere korleis best dekke denne type behov framover og om dette er eit tilbod som skal vidareførast i regi av fylkeskommunen/Skyss. Det er berre i Bergen at serviceinjener inngår i kollektivtilbodet i regi av Skyss og det finst dømer på at kommunane sjølve driftar denne type transporttenester. Tilbod av denne typen er ikkje omtala i Regional transportplan for Hordaland eller i Kollektivstrategi for Hordaland. Dagens ordinære rutetilbod er i all hovudsak godt tilgjengeleg også for målgruppene som serviceinjene retter seg mot.

Fylkesrådmannen tilrår å ikkje vidareføre serviceinjene etter at dagens kontrakt går ut i 2020. Det bør bli gjennomført ei utgreiing av framtidig behov og moglege løysingar for denne type transporttenester. Behovet bør bli vurdert i samanheng med andre relevante reiseordningar slik som bestillingstransport og TT-ordninga. Skyss vil, som del av arbeidet, ha dialog med Bergen kommune om moglege løysingar.

Økonomi: Saka har innverknad på framtidige budsjett, med reduserte driftskostnadar til kollektivområdet.

Klima: Saka omhandlar tiltak som ikkje har vesentleg innverknad på klima.

Folkehelse: Saka omhandlar tiltak som i utgangspunktet ikkje har vesentleg innverknad på folkehelsa.

Regional planstrategi: Ingen direkte kopling til regionale planar.

Forslag til innstilling

Fylkeskommunen vil ikkje vidareføre serviceinjene i Bergen etter utløp av inneverande kontrakt i juni 2020.

Det skal gjennomførast ei utgreiing av framtidig behov og moglege løysingar for denne type transporttenester. Bergen kommune skal involverast i arbeidet.

Ingrid Kristine Holm Svendsen
kst. fylkesrådmann

Håkon Rasmussen
Fylkesdirektør samferdsel

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Fylkesrådmannen, 20.09.2018

Bakgrunn

Skyss har hatt ansvaret for servicelinjene sidan 2007, og drifta er anbudsutsett på same måte som dei andre transporttilboda. I dag har Skyss kontrakt med Osbuss AS om drift av servicelinjene i Bergen. Kontrakten går ut 30.06.2020, med moglegheit for bruk av opsjon i to ekstra år.

Før ein startar opp arbeid med ny konkurranseutsetting og forpliktar fylkeskommunen i ei ny kontrakt, er det ønskeleg å vurdere om servicelinjene er eit tilbod som skal vidareførast i regi av fylkeskommunen/Skyss. Mellom anna i lys av dei økonomiske tilhøva for fylkeskommunen er det ønskeleg å gjere ei vurdering av framtidig behov, og i kva grad dette fell under fylkeskommunen sitt ansvar knytt til kollektivtrafikk. Ein ser også ei utvikling av ulike konsept for meir fleksible transportløyningar, som kan vere relevant å vurdere opp mot transportbehovet servicelinjene rettar seg mot.

Tilbod av denne typen er ikkje omtala i Regional transportplan for Hordaland eller i Kollektivstrategi for Hordaland.

Om tilbodet

Servicelinjene i Bergen består av fire linjer; linje 101 Landås, linje 102 Laksevåg, linje 103 Sentrum og linje 104 Åsane. Dette er busslinjer der tilbodet og bussmateriellet er spesielt tilpassa eldre og rørslehemma, for at desse lettare kan nytte seg av til dømes helse- og servicefunksjonar i dei ulike bydelane. Linjene skil seg frå dei ordinære busslinjene ved å ha stor flatedekning i eit avgrensa område, spesielt tilrettelagt bussmaterieill og avgangar midt på dagen. Kvar av linjene har 6-10 turar per dag.




Fig: Trasèkart Bergen sentrum

Servicelinjene vert køyrt med minibussar med ekstra plass til rullestolar eller barnevognar. Ved oppstart av denne transporttenesta skilde bussane på servicelinjene seg tydelegare frå den ordinære bussparken. I dag er alt bussmaterieill i kollektivtrafikken utforma i tråd med lovkrav om universell utforming. Dette inneber til dømes låge gulv utan trappetrinn (ev. knelefunksjon som skal kunne senka bussen), avsett areal til rullestol, høgtalarar ombord i bussen og godt synleg passasjerinformasjon både utanpå og inni bussen. Saman med oppgradering av haldeplassar framstår dagens ordinære rutetilbod i all hovudsak som godt tilgjengeleg også for målgruppene som servicelinjene retter seg mot.

I fleire av områda servicelinjene betener er det per i dag eit godt ordinært kollektivtilbod. Dette gjeld spesielt i Åsane og i Landås-området der ein har stamlinjene og lokale linjer som til saman dekkjer store delar av reisebehova. I andre områder utfyller servicelinjene det ordinære kollektivtilbodet, til dømes som

tverrforbindelse mellom Nordnes/Nøstet og Møhlenpris. Hovudnytta ligg likevel i å gje eit tilbod til ei spissa målgruppe, med fokus på kort gangavstand til spesifikke helse- og servicefunksjonar.

Samla årleg kostnad for servicelinjene er på 2,4 millionar kroner (budsjett 2018), medan årlege inntekter frå tilbodet er anslått til å ligge på i underkant av 500 000 kroner.

Bergen eldreråd og Fylkeseldrerådet har engasjert seg i servicelinjene og har tidlegare ytra ønske om fleire linjer. Dei peikar på at servicelinjene gjev eldre utan eige transportmidlar betre moglegheit for å klare seg sjølve då fleire og fleire no bur lengre heime.

Etterspurnad

Tabellen under viser omfanget av reisande på servicelinjene i løpet av ei veke (basert på teljing veke 16, 2018). Tala gir eit bilete på korleis og i kva grad tilbodet blir nytta. Vi ser at kvar tur i snitt har 6,4 reisande, høgast belegg har linjene på Landås og Laksevåg, lågast har linja i Åsane.

Linje	Passasjertal veke	Turar per dag t/r	Snitt påstigande per avgang
101 Landås (3 dg)	182	8	7,6
102 Laksevåg (3 dg)	136	6	7,5
103 Sentrum (4 dg)	196	8	6,1
104 Åsane (3 dg)	131	10	4,3
Totalt	645	32	
<i>Gjennomsnitt</i>			6,4

Vurdering

Servicelinjene er handtert av Skyss som ein del av kollektivtilbodet i Bergen. Ut frå tilbodet sin funksjon og målgruppe, er det grunn til å stille spørsmål ved om eit særleg tilrettelagt tilbod som dette ligg innanfor det fylkeskommunale ansvaret. Transporten er i all hovudsak knytt opp mot kommunale tenester, og ein kan tenke seg at kommunen har betre føresetnader for å utforme eit tilbod som til ei kvar tid treff det konkrete behovet for slik transport.

Det er berre i Bergen at servicelinjer inngår i kollektivtilbodet i regi av Skyss og det finst dømer på at kommunane sjølve driftar denne type transporttenester. Dagens ordinære rutetilbod er i all hovudsak godt tilgjengeleg også for målgruppene som servicelinjene retter seg mot.

Fylkesrådmannen tilrår å ikkje vidareføre servicelinjene etter at dagens kontrakt går ut i 2020. Skyss vil gjennomføre ei utgreiing av framtidig behov og moglege løysingar for denne type transporttenester. Ein ser også ei utvikling av ulike konsept for meir fleksible transportløysingar, som kan vere relevant å vurdere opp mot transportbehovet servicelinjene rettar seg mot. Behovet bør bli vurdert i samanheng med andre relevante reiseordningar slik som bestillingstransport og TT-ordninga. Skyss vil, som del av arbeidet, ha dialog med Bergen kommune om moglege løysingar.



Arkivnr: 2018/14417-1
Saksbehandlar: Åshild Fossgard Sandøy

Saksframlegg**Saksgang**

Utval	Saknr.	Møtedato
Utval for miljø og samferdsel	110/18	17.10.2018
Fylkesutvalet	260/18	25.10.2018
Fylkeseldrerådet i Hordaland	42/18	08.11.2018

Konkurransetsetjing av Rutepakke Bergen sentrum og Bergen nord**Samandrag**

Fylkesrådmannen legg i denne saka fram vurderingar og val knytt til strategiske tema som er relevant for nye kontraktar for busskøyring i Bergen sentrum, Bergen nord og Osterøy. Ved vurdering av krav som skal stillast i kontraktane har ein hatt dialog med andre administrasjonsselskap, operatørmarknaden, representantar for sjåførane og deira organisasjonar, samt nytta bransjestandardar.

Det er ut frå ei samla vurdering lagt til grunn at kontrakten for bussdrifta på Osterøy blir slått saman med kontrakten for Bergen nord. Dette gjev betre moglegheit for samordning og stordriftsfordelar.

Trafikkplan Bergen (FUV, PS 80/2018) er lagt til grunn for utvikling av rutetilbodet. Trafikkplanen peiker på hovudgrep for å vidareutvikle det samla kollektivnettverket, med vidare forenkling og styrking av tilbodet. Per i dag er det ikkje finansiering til auka ruteproduksjon i samband med ny konkurranseutsetjing. Tilbodet frå oppstart i 2020 er difor planlagt med utgangspunkt i rammer for tilbodet i 2018, inkl. føringar i budsjettvedtaket for 2018. Ein forventar imidlertid at rutetilbodet må utvidast i løpet av kontraktperioden for å nå nasjonale og regionale mål om nullvekst i personbiltrafikken. Styrking av rutetilbodet vil vere avhengig av finansiering, til dømes gjennom byvekstavtalen for Bergen. Kontraktane er derfor utforma slik at det er lagt til rette for utvida produksjon gjennom kontraktperioden, innanfor visse rammer og prinsipp.

Vedtak knytt til temaplan for låg- og nullutsleppsbusar i Hordaland er lagt til grunn i førebuingane, men det er ikkje per no finansiering til å gjennomføre ambisjonsnivået for elektrifisering av bussparken i Bergen. Trolleylinja blir forlenga til Laksevåg til oppstart av kontraktområdet Bergen sentrum. Det gjev ei forlenga elektrisk linje med minst 10 elbusar i Bergen. Det er vedteke å ta i bruk biogass i kontraktområdet Bergen nord. Utover dette vert det tilrådd å stille krav om 100% fornybart drivstoff på resterande busar i begge kontraktområda. Vidare blir det lagt til rette for ei gradvis elektrifisering i begge rutepakkane i løpet av kontraktperioden – når finansiering og nødvendige avklaringar for etablering av ladeinfrastruktur er sikra. Det å ikkje stille krav til elektrifisering utover trolleylinja frå oppstart gjer at ein mest sannsynleg ikkje vil innfri ambisjonen om vesentleg elektrifisering i Bergen sentrum innan 2025, jamfør temaplan for låg- og nullutsleppsbusar.

Fylkesrådmannen vil legge til grunn nasjonale standardar knytt til bussmateriell. I tillegg vert det stilt krav om setebelter på samtlege busar, jf. vedtak i samband med interpellasjon i fylkestinget 12.06.2018.

Fylkesrådmannen estimerer at dei årlege kontraktkostnadene for begge rutepakkane vil auke med 35 - 50 MNOK som følgje av allereie vedteke krav og låg prising av dagens kontraktar. Ein vil sikra seg fleksibilitet

i kontraktane til å auke eller redusere volumet på tenester tilpassa utvikling i talet på reisande og økonomiske rammer.

Økonomi: Nye kontraktar for buss vil forplikte fylkeskommunen med ein årleg kostnad på driftsbudsjettet frå 2020-2030. Auken i årlege kostnader er estimert til 35-50 MNOK.

Klima: Krav knytt til energi og teknologi i nye anbod vil medføre redusert klimapåverknad frå bussdrift i dei aktuelle områda: 58 % reduksjon i Bergen sentrum og 69 % reduksjon i Bergen nord. Ein ligg an til å kutte CO2-utsleppet frå bussdrifta i Hordaland med 55 % mellom 2016 og 2025. Det er 10 % under ambisjonen og fylkesrådmannen sin klimaprognose.

Folkehelse: Reduksjon av lokale utslepp gjennom krav i nye anbod vil vere positivt for luftkvalitet i dei aktuelle områda.

Regional planstrategi: Miljøkrav i nye anbod er del av oppfølging av Klimaplan for Hordaland, Regional transportplan, Kollektivstrategi for Hordaland og temaplan for låg- og nullutsleppsbusar i Hordaland.

Forslag til innstilling

1. Fylkesrådmannen får fullmakt til å kunngjere konkurranse om bussdrift i Bergen sentrum og Bergen nord inkludert Osterøy, i tråd med tilrådingane i saka.
2. Fylkesrådmannen får fullmakt til å tildele og signere kontrakt med vinnarane av konkurransane.

Ingrid Kristine Holm Svendsen
kst. fylkesrådmann

Håkon Rasmussen
fylkesdirektør Samferdsel

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Fylkesrådmannen, 01.10.2018

Bakgrunn

Dagens kontrakt for drift av rutepakke Osterøy utløper 28. februar 2020. I tillegg vil kontraktane om drift av rutepakke Bergen sentrum og rutepakke Bergen nord gå ut hausten 2020. Alle desse tre kontraktane er inngått med Tide Buss AS.

I kontraktane for Bergen sentrum inngår busslinjer som har til hovudfunksjon å dekke sentrale delar av Bergen og Bergen vest (Laksevåg, Fyllingsdalen, Loddefjord). I kontrakten for Bergen nord har ein i dag stamlinjene 3-6 som dekker gjennomgåande reiser mellom Åsane/Eidsvåg og sentrum/Bergensdalen/Bergen vest, i tillegg til linjer som har sin hovudfunksjon lokalt i Åsane.

Dagens kontrakt for rutepakke Bergen sentrum starta opp i desember 2011. Kontrakten har ein ruteproduksjon på 5,7 millionar rutekilometer og vert drifta med 111 bussar på det travlaste tidspunktet på døgnet (Kollektivstrategi årsrapport 2017). Det årlege vederlaget til operatør for drift av rutepakken er 255 MNOK (prognosetal for 2018).

Kontrakt for rutepakke Bergen nord starta opp i oktober 2011 og har i dag ein ruteproduksjon på 7,7 millionar rutekilometer med 115 bussar i maksuttak. Det årlege vederlaget til operatør er 253,5 MNOK (prognosetal for 2018).

Dagens kontrakt for rutepakke Osterøy starta opp i mars 2011. Kontrakten har ein ruteproduksjon på 1,2 millionar rutekilometer og driftast av 26 bussar i maksuttak. Vederlaget for 2018 til operatør er 43,5 MNOK (prognosetal 2018).

Det er arbeid med konkurransegrunnlag for nye kontraktar i desse områda. Ved utarbeiding av nye konkurransegrunnlag er det lagt vekt på erfaringsutveksling og kunnskapsdeling med andre administrasjonsselskap i Kollektivtrafikkforeningen. Vidare er det gjennomført dialogmøter med interesserte operatørselskap og ein har mottatt innspel frå NHO Transport. Representantar for sjåførane og deira organisasjonar er også blitt invitert til å kome med innspel gjennom Dialogforum buss Hordaland. I tillegg er det for fleire tema innhenta innspel og opplysningar frå leverandørmarknaden, til dømes innan drivstoff, ladeinfrastruktur og bussar.

Kontraktområde

Områda for dagens kontraktar for bussdrift i Hordaland er i stor grad basert på tidlegare geografiske rute- og konsesjonsområder og plassering av eksisterande bussanlegg. Det er i dag ti ulike rutepakkar for buss, som varierer i geografisk storleik og produksjonsomfang.

Som førebuing for konkurranseutsetting for Bergen sør og Vest vart det tidlegare gjort ei heilskapleg vurdering av inndeling av alle rutepakkene som skal ut på anbod i Bergensområdet. Inndeling i kontraktområde er ei kompleks vurdering, der ein mellom anna har lagt følgjande kriterium til grunn:

- Operatørmarknaden – korleis omfang av kontraktar påverkar konkurransen
- Juridiske vurderingar og regelverk
- Økonomi og risiko
- Effektiv produksjon og logistikk
- Type bussmateriell
- Tilgang til bussanlegg – og framtidig utvikling i behov for anlegg
- Miljøkrav og innføring av ny teknologi og drivstoff
- God oppfølging av kontraktane i Skyss

Det vart også gjennomført ei høyring i operatørmarknaden, der Skyss fekk nyttige tilbakemeldingar på korleis rutepakkane burde vere inndelt. På bakgrunn av desse vurderingane blir kontrakten for bussdrifta på Osterøy slått saman med kontrakten for Bergen nord i det nye anbudet. Stordriftsfordelar knytt til innkjøp og drift av materiell, administrasjonskostnader, kostnader knytt til kommunikasjon og logistikk og betre utnytting av nødvendige anlegg knytt til kvar enkelt kontrakt var viktige argument for samanslåinga.

Endringar i rutetilbod og produksjon

Det er høge ambisjonar for kollektivtilbodet i Bergen, knytt til nasjonale og regionale mål om nullvekst i personbiltrafikken. Det er arbeid systematisk med forenkling og utvikling av linjenett og rutetilbod over mange år, og tilbodet er styrka jamleg i tråd med Kollektivstrategi for Hordaland. Dette har gjeve resultat som ein ser att i god utvikling i talet på reisande. Styrking av rutetilbodet er ein viktig del av avtaler med staten gjennom belønningsmidlar og byvekstavtale for Bergen. I tidleg førebuing til nye kontraktar i Bergen er det utarbeidd ein trafikkplan (FUV, PS 80/2018). Trafikkplanen peiker på hovudgrep for å vidareutvikle det samla kollektivnettverket, med vidare forenkling og styrking.

Per i dag er det ikkje finansiering til styrka ruteproduksjon i samband med ny konkurranseutsetting. Tilbodet frå oppstart i 2020 er difor planlagd med utgangspunkt i rammer for tilbodet som i 2018, inkl. føringar i budsjettvedtaket for 2018. Nokre endringar er likevel gjort, utan at dette vil ha store kostnadsdrivande effektar.

I tråd med vedtak for trafikkplan Bergen vert det gjort enkelte endringar i linjenettet. Hovudendringa gjeld omlegging av stamlinjene. Endringa gir ingen vesentlege utslag i ruteproduksjon, og ein legg til grunn tilsvarende frekvens som i dagens stamlinjer. Vidare er det lagt opp til at bylinjer som i dag endar i Bergen sentrum, vert kopla saman til nye pendellinjer. Ved at tilbodet vert tilpassa den delen av pendelen med høgast frekvens og tilbod gjennom døgeret og i helg, vil desse tiltaka gi noko auka ruteproduksjon. Gjennom omleggingane vil ein oppnå fleire reisemoglegheiter og gjere kollektivtilbodet meir attraktivt for fleire. Samstundes vil ein gjennom tiltaka avlaste dei mest sentrale sentrumsgatene/haldeplassar ved at færre bussar må stå og regulere i sentrum.

Det er ikkje funne rom for prioriteringar av tverrgåande linjer eller styrking av større delar av linjenettet. Dette er tiltak som ligg i trafikkplan for Bergen, som del av det å byggje eit heilskapleg og kapasitetssterkt kollektivnett. I 2022 opnar etter planen den nye bybanelinja mot Fyllingsdalen. Med det vil Oasen og Haukeland Universitetssjukehus bli kopla til bybanenettet samt at banen vil stø opp om byutviklinga på Mindemyren. Bybanen mot Fyllingsdalen gir eit nytt tverrgåande tilbod, der mange reiserelasjonar mellom bydelane får eit vesentleg styrka og raskare tilbod, I Fyllingsdalen vil busstilbodet mot sentrum, Loddefjord og Ytrebygda i all hovudsak bli oppretthalde, medan busslinjer mellom Fyllingsdalen/Bønes og Bergensdalen i større grad kan koplast mot banen.

Når det gjeld Osterøy er det ikkje lagt opp til større endringar utover vanlege årlege justeringar, særskild knytt til variasjon i behov for skuleskyss.

Rutetilbodet vil bli gjennomgått for justeringar i tråd med prinsipp for utvikling av kollektivnettet frå Kollektivstrategi for Hordaland – til dømes større grad av faste overgangstider og betre byttmoglegheiter der ein ser at dette er mogleg. Det blir også lagt vekt på å samstundes legge til rette for eit rutetilbod som gjev effektiv drift hjå operatørane, slik at ein får mest mogleg kollektivtilbod for pengane.

Nokre omprioriteringar av rutetilbodet vil bli gjort for å få best mogleg nytte av dei samla kollektivmidlane. Det vil innebere eit redusert tilbod eller at linjer kan bli lagt ned i nokre områder, for å kunne styrke kapasiteten i andre områder.

Forplikingar knytt til Miljøløftet og målet om nullvekst i personbiltrafikken vil innebære behov for å utvide rutetilbodet i Bergen og hovudinnfartsårene til Bergen i løpet av kontraktperioden. Styrking av rutetilbodet vil vere avhengig av finansiering, til dømes gjennom Miljøløftet. Kontraktane er utforma slik at det er lagt til rette for utvida produksjon gjennom kontraktperioden, innanfor visse rammer og prinsipp.

Fornybar energi og utsleppsreduksjon

Fylkestinget vedtok i oktober 2017 ein temaplan for låg- og nullutsleppsbusar i Hordaland (PS 90/2017). I denne temaplanen er det konkretisert korleis ein vil leggje til rette for bruk av fornybar energi og utsleppsreduksjon i bussparken framover. Ambisjonen er å kutte 65 % av klimagassutsleppet med biodrivstoff og elektriske busar i Bergen innan 2025. Manglande finansiering gjer det vanskeleg å oppfylle ambisjonen, og med tilrådingane i denne saka ligg det an til 55 % CO₂-kutt.

Når det gjeld krav til reduksjon av lokale utslepp (nitrogenoksid og svevestøv) blir det lagt til grunn at busar med forbrenningsmotor skal tilfredsstillere Euro VI-standarden for utslepp – i tråd med vedtak i temaplanen. Alle busar registrert etter 2014 er lovpålagt å oppfylle Euro VI-standarden. Undersøkingar har vist at det gir betydeleg reduksjon i lokale utslepp, uavhengig av om bussane er utstyrt med diesel- eller gassmotor.

For krav til reduksjon av klimagassutslepp definerer temaplanen følgjande ambisjonsnivå og aktuelle tiltak for dei aktuelle rutepakkene innan 2025:

Kontraktområde	Ambisjon for CO ₂ -kutt	Relevante tiltak
Bergen nord	> 70 %	100 % biodrivstoff inklusive biogass
Osterøy	50 %	100 % biodrivstoff
Bergen sentrum	60 – 80 %	35 – 75 % elektrifisering > 25 % biodrivstoff

Det vil i konkurransegrunnlag bli lagt opp til å stille krav om fossilfri og fornybar energi til bussdrifta, i tråd med temaplanen. Dette er også i tråd med Bergen kommune sitt mål om fossilfri kollektivtrafikk i 2020. Det vil ikkje bli lagt opp til elektrifisering av bussparken frå oppstart, utover forlenging av trolleylinja. Dette gjer det vanskeleg å nå dei fylkeskommunale og nasjonale måla om elektriske bybusar innan 2025.

Bergen nord inkludert Osterøy

I Bergen nord er det etablert infrastruktur for å ta i bruk biogass. Gassdrift er berekna å vere meir økonomisk fordelaktig her enn i Bergen sentrum. Fyllleanlegget er etablert og under oppstart. Det blir difor stilt krav til bruk av biogass for ein definert del av produksjonen.

For resten av produksjonen i kontraktområdet vert det stilt krav om fornybar energi. Biodrivstoff må vere berekraftsertifisert og palmeoljefritt.¹ Tiltakskostnaden for dette er i utgangspunktet relativt låg. Men etterspurnaden etter berekraftsertifisert biodrivstoff har auka kraftig dei seinare åra, og statlege reguleringar i inn- og utland påverkar marknadssituasjonen. Difor er pris og tilgjenge på sikt usikkert. For å sikre seg for kostnadsrisikoen vert det lagt inn moglegheit til å forhandle overgang til fossilt drivstoff dersom manglande tilgang gjer at prisane på biodrivstoff vert vesentleg dyrare enn fossilt drivstoff.

Dei tilrådde tiltaka gjev om lag 70 % CO₂-kutt i høve dagens situasjon. Det er i tråd med ambisjonen.

¹ Berekraftsertifisering tyder at drivstoffet må oppfylle EU-krav til klimagassreduksjon (minst 50 %) og ikkje kan verte dyrka på areal med særleg naturmangfald eller høgt karboninnhald (regnskog og myr). Palmeoljefritt er definert som forbod mot sjølve palmeolja (CPO) og biprodukt frå palmeoljeproduksjon (PFAD). Det vert opna for å nytte avfallsstoff frå palmeoljeproduksjonen (PES), i tråd med anbefalingar frå til dømes Regnskogfondet.

Bergen sentrum

I kontraktområdet Bergen sentrum er det i temaplanen for låg- og nullutsleppsbusser ein ambisjon om 35–75 % elektrifisering. I konkurransegrunnlaget legg ein til grunn forlenging av trolleylinja til Laksevåg, som tidlegare vedteke. Bygging av infrastrukturen er finansiert gjennom Enova og Miljøløftet og gjev om lag 15 % elektrifisering i kontraktområdet. Trolley-infrastrukturen er kostbar og bør på sikt nyttast til fleire buslinjer. Ei betre utnytting krev truleg ei oppgradering av dagens køyreleidning, noko som ikkje ligg inne i utbyggingsprosjektet som pågår.


Trolleydrifta er ikkje berekna å gje høgare driftskostnader: Dei låge energikostnadane veg opp for høgare kostnader knytt til dyrare bussmateriell. Dei fleste aktuelle tilbydarar har ingen kjennskap og erfaring med drift av trolleybuss. Ein vil gjere ekstra tiltak i tilbudsfasen for å sørge for best mogleg informasjon og dermed sikre god konkurranse.

På grunn av manglande finansiering er det ikkje lagt opp til å stille krav om eller lage ein konkurranse om ytterlegare elektrifisering frå oppstart av kontrakten. Ved bruk av endringsbestemmelsar blir det lagt til rette for gradvis innføring av elektriske busser gjennom kontraktperioden, når finansiering til dette føreligg. Å ikkje gjennomføre dette frå oppstart vil gjere tiltaket dyrare, men er vurdert som den einaste løysinga slik den økonomiske situasjonen er.

